

“Nynorsken fortente å få ein nobelpris

– Nynorsken er større enn meg, seier Jon Fosse. Vi feirar Fosse med temaside om forfattaren og forfattarskapen.

Norsk Tidend

nr. 5
november 2023

medlemsblad for Noregs Mållag



TEIKNING: STEFFEN KVERNELAND

2023 - nynorskens år

■ Siste halvdel av 2023 har vore eit festår for nynorsken. Det starta med 30-årsjubileet til Skald forlag i Leikanger 9. september. Her feira vi eit lite kvalitetsforlag for den store litteraturen, som er i føretroppen når det kjem til nynorsk litteratur. I slutten av same månad var det duka for ei tredagars feiring av det nyopna Nynorskhuset i Førde. Her er verdas største nynorskkyngje etablert, med heile seks nynorskverksemdar under taket. Dette vil utan tvil styrkje nynorsken som kultur- og mediespråk, i ei verd dominert av bokmål.

■ Veka etterpå, torsdag 5. oktober kl. 13, blei Jon Fosse tildelt nobelprisen i litteratur. I intervju på kaien på Frekhaug, takka Fosse nynorsken og målreisinga for nobelprisen. Plutseleg skreiv og snakka heile verda om nynorsk, språket som no var blitt nobelprisspråk. For første gong i historia har nynorsken vunne ein stor internasjonal pris. Ja, 2023 blei sanneleg nynorskens år.

■ Det skal sjølvsagt markerast og feirast også her i *Norsk Tidend*. Difor gjev vi ut eit ekstra tjukt blad, mykje av det sett av til Fosse. Vi har samla inn favorittane våre om det som blei sagt i kjølvatnet av mottakinga av nobelprisen, både frå norsk og engelsk presse. I tillegg har vi fått både hyllingar og kritiske innvendingar frå folk når vi spurde dei om forholdet dei har til Fosse.

■ For å feire Fosse har vi også laga ein omfattande leserettleiar til forfatterskapen hans. Her er det fleire forslag til startpunkt og innfallsvinklar, anten du likar romanar, drama, lyrikk eller essay. I høve nobelprisen har vi også trykt eit nytt essay som tar føre seg noko av lyrikken til Fosse - som kanskje er den mest undervurderte delen av forfatterskapen hans. For dei som vil ha kos inn i jula, har vi ein julekviss om Hulda Garborg. Vinnaren blir annonsert i neste blad etter nyttår.

■ No har vi lov å feire nynorsken og nobelprisvinnaren. Det er lov å kose seg litt ekstra no i jula – og kanskje blei også julegåvehandlinga noko enklare i år. Det blir garantert mykje Fosse under trea til folk over heile verda – men kanskje særleg i Noreg – i år. 7. desember held Fosse nobelføredraget sitt. 10. desember får han prisen tildelt i ein storslått seremoni og bankett. Når feiringa er over, må vi hugse på at kampen for nynorsken og språklege rettar ikkje er over. La likevel prisen vere ein motivasjon for å halde fram, og la oss ha von om at det no gjer saka vår litt lettare. Gratulerer med nobelprisen, alle saman!

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 OSLO

Redaktør: Vemund Norekvål Knudsen

I redaksjonen:

Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun Skjervøy, Språksmia AS
smia@spraksmia.no

Når internett og media i heile verda kokar over av jubel for **Jon Fosse** og nynorsken, må det vere lov å håpe at nynorsken opplever ein Fosse-effekt i tida som kjem.

Mellom dei viktigaste n

■ leiarteigen



PEDER LOFNES HAUGE
Leiar i Noregs Mållag

■ Jon Fosse har blitt tildelt Nobelprisen i litteratur. Då dei kvite dørene med gullkarmer i Svenska Akademien gjekk opp, var det ikkje berre forfattaren Jon Fosse som fekk lyset på seg, rampelyset vart også peika mot det vesle, men kraftfulle språket nynorsk. Forfattaren sjølv takka nynorsken og nynorsk målreising for prisen.

■ For minoritets- og mindretalspråk i heile verda er denne tildelinga viktig. Litteratur og kultur skal ikkje dømast ut frå storleik, men ut frå kvar dei kjem frå og kva dei fortel. Også dei små har store ting å fortelje, og er ein umisteleg del av den globale saga.

■ Vi reknar at rundt 12 prosent av folk i Noreg har nynorsk som sitt skriftspråk. På papiret er det eit språk med mange rettar og godt vern, men kvar sjette nynorskbrukar har det siste året fått negative tilbakemeldingar på språket sitt. Det er ikkje smertefritt å vere brukar av eit mindretalspråk i Noreg. Fleirtalspråket bokmål har alltid tyngdekrafta med seg.

■ Det er ei viktig internasjonal oppgåve å ta vare på dei mange språka som er under press frå språk med fleire eller mektigare brukarar. Arbeidet for nynorsk er del av ei brei internasjonal rørsle for å tryggje og styrkje utsette språk.

■ No veit vi at verdas beste litteratur blir skriven på nynorsk. Vi veit også at det ikkje betyr at livet som nynorskbrukar automatisk blir mykje betre. Men kanskje det kan setje lys på dei utfordringane vi må løyse saman.

■ Når internett og media i heile verda kokar over av jubel for Jon Fosse og nynorsken,





Biletet er tatt i høve utdelinga av Nynorsk litteraturpris for «Det andre namnet» i 2020.

Foto: Foto: Katrine Gade

Nobelprisane i litteratur

må det vere lov å håpe at nynorsken opplever ein Fosse-effekt i tida som kjem. Dei verkeleg store orda om nynorsken sat laust hjå eit samstemt politisk miljø då prisen vart annonsert, med statsminister Jonas Gahr Støre og kulturminister Lubna Jaffery i spissen.

■ Det er eit politisk ansvar å jamne ut det skeive tilhøvet mellom bokmål og nynorsk. Noreg treng ein nasjonal strategi for jamstilling av dei norske skriftspråka. Med konkrete tiltak for å jamne ut tilhøvet mellom språka våre kan regjeringa verkeleg heidle prisvinnaren!

■ Nynorsk målreising er diverre fest og kamp om ein annan. Staten gjer seg jamleg skuldig i språklovsbrot, og sårbare nynorskelevar får ikkje digitale læremiddel og læringsressursar på språket sitt. Det er meir krevjande å vere nynorskelev enn bokmålelev i 2023.

■ Om ikkje norske styresmakter tek ansvaret sitt på alvor, kan det vere lenge til neste gong ein nynorskforfattar vinn Nobelprisen i litteratur.

“**For minoritets- og mindretalsspråk i heile verda er denne tilde-
linga viktig. Litteratur og kultur skal ikkje dømast ut frå storleik, men ut frå kvar dei kjem frå og kva dei fortel.**

■ sagt

Nynorsken fortente å få ein nobelpris.

Jon Fosse til NRK

For nynorsken som språk er eg veldig glad. Meir det enn på eigne vegner, tru meg.

Jon Fosse til TV2

For meg sjølv er det bra å få den. Men nynorsken er større enn meg [...]

Jon Fosse til Bergens Tidende

Nynorsk er fint i nobelpris.

@mortenmyksvoll på X

Når Jon Fosse vinn den fremste litteraturprisen verda byd på, er nynorsken blitt stor. Då er litteratur skriven på nynorsk blitt verdslitteratur. Det betyr uendeleg mykje for nynorsk-skrivande og -brukande. Kanskje såg sjølv ikkje Ivar Aasen for seg akkurat dette.

Edmund Austigard i Dag og Tid

Det får bli distriktsministerens anbefaling, at folk burde la seg inspirere av Nobelprisen til å lese nynorsk litteratur.

Erling Sande til Klassekampen

La nynorsken Fosse fram!

Firda Tidend

– Så nå skriver de plutselig om hva nynorsk er for noe her borte! Det er veldig morsomt og veldig fint å se.

Karl Ove Knausgård til VG frå England

«Skal eg seia kva kjærleik er, lyt eg seia namnet ditt», står det i eit dikt i samlinga Auge i Vind. Og skal eg seia kva litteratur er, lyt eg nemna Jon Fosse.

Ruth Lillegraven i Dag og Tid

Dette er også ein festdag for nynorsk. Det er første gong i historia at Nobelprisen i litteratur går til ein nynorskforfattar.

Leiarartikkel i VG fredag 6. oktober

It's very important to remember that he writes in Nynorsk or New Norwegian, a minority language in Norway, a political act in itself.

Jacques Testard, den engelskspråklege utgjevaren til Fosse, til The Guardian

Eit lite forlag for de



I ei lita bygd ved Sognefjorden held det til eit forlag som gir ut verdslitteratur på nynorsk. I 30 år har **Skald** halde det gåande. Og i november gjev forlaget ut tre norrøne bokverk omsette av nobelprisvinnar Jon Fosse.

Grytidleg på morgonen laurdag 9. september set Norsk Tidend seg i ein bil og startar den lange vegen over fjellet frå aust til vest. Destinasjonen er Leikanger i Sogn, der vi skal vitje 30-års jubileet til Skald forlag. At eit lite forlag - som ikkje ligg særleg tilgjengeleg med kollektivtransport - fyller 30 år, er i seg sjølv nyhendeverdige. At dette forlaget i hovudsak gjev ut bøker på nynorsk, og er eitt av svært få sjølvstendige forlag igjen i Noreg, er ikkje berre nyhendeverdige - det er merksemdsvekkjande.

Her er ei lita oppsummering frå jubileumsfeiringa laurdag 9. september.

Eplemost og strålende bøker

Vi er i Leikanger omkring ein time før programstart, og det er tydeleg at det er festdag på Hermansverk. Alt frå familiar til pensjonistar og yngre vaksne er møtte opp for å feire 30-årsjubilanten. Dei politiske partia deler ut flygeblad frå bodar rett ved festteltet. Skald deler ut eplemost til festdeltakarane. Medan vi ventar på at programmet skal starte, tek folk seg ein runde i Skald-butikken og ser på utstillinga om Skald si historie inne i lokala deira.

Her er dei 333 unike utgjevingane Skald har hatt sidan 1993, stilte ut. I løpet av november blir det 340 titlar, då kjem mellom anna *Edda, Soga om Fridtjov den frøkne* og *Soga om Torstein Vikingsson* - alle i omsetjing eller adaptasjon av Jon Fosse - ut. Det er sakprosa, skjønnlitteratur - særleg omsetjingar, barnebøker og bestillingsverk. Størstedelen av desse er nynorskutgjevingar. Skald femnar altså breitt med tanke på sjangrar og målgrupper. Uavhengig av sjanger: Fleire av utgjevingane frå Skald er designperler. I andre etasje i forlagshuset er kvar einaste pris forlaget har fått,

ramma inn og hengd på veggen. Det er ikkje så reint få, og det stadfestar at Skald får merksemd for at dei satsar på høg kvalitet på utgjevingane sine.

- Bøkene er innbundne med tråd, slik det blei gjort i 500 år. Bøkene frå Skald skal vare og stråle i bokhylla, seier Simone Stibbe frå scena seinare.

Det blir til og med spøkt med om ikkje kulturplanen til Sogndal kommune også kan få ei slik fin innbinding som bøkene deira.

For dei litteraturinteresserte er det kanskje særleg serien *Skalds klassikarar* som har gjort Skald til eit kjent og elsket forlag. Her finst det nyomsetjingar av allereie kjende namn som Kafka, Tolstoj, Brontë og Faulkner. Skald nøyer seg ikkje berre med gamle kjende. Dei har også gjeve ut verk og forfattarar som aldri før har blitt omsette til norsk! Dei gjer tilgjengeleg namn frå heile verda som har vore ukjende på den norske bokmarknaden - i nynorsk språkdrakt. Nynorsken har lenge vist at han eignar seg godt til å omsetje verdslitteratur. Det har Skald tatt eit steg lenger, og har med klassikarserien halde fram å gje nynorsken relevans og aktualitet.

- Når det gjeld nynorsk, er Skald forlag i føretroppen, seier ordførar i Sogndal Arnstein Menes, frå scena.

Det er vanskeleg å vere usamd i det.

Sola skin og kastar skuggar

At det blir gjeve ut verdslitteratur på nynorsk frå eit gammalt hotell i ei lita bygd ved Sognefjorden, er det ikkje mange som skulle tru det var mogleg. Nokon vil kanskje vise at det er ei norsk suksesshistorie og Senterpartiets våte draum: det *finst* kultur i distrikta - høgkultur attpåtil! Eller ein kan snu på det: kultur skal også vere tilgjengeleg i distrikta. Og det er faktisk mogleg å drive forlag ute i distriktsnoreg. Men bak all feiringa og lovorda denne dagen, lurar det også eit alvor.

- Du *jobbar* ikkje i eit forlag



FEST: Ungt møtte gammalt og høgkultur møtte folkekultur då, Skald feira 30 år. Heilt i stil med forlagsprofilen elles.

som dette, du *lever* det, seier Simone Stibbe.

Utan å ha kjennskap til rekneskapen til Skald forlag, er det klart det ikkje er dei store marginane forlaget opererer med. Og det er blitt vanskelegare å drive eit lite forlag dei siste åra: Forlag på forlag er blitt etne opp av dei store. Skald står att som eitt av svært få forlag som ikkje er eigd av Cappelen Damm, Aschehoug eller Gyldendal. Det Norske Samlaget er ei stifting som mottok millionstøtte over statsbudsjettet, og er dimed noko anna enn aksjeselskapa som elles opererer i bokbransjen.

Vi veit at lesekunna og leseinteressa går nedover i befolkninga, det syner seg særleg blant

unge. Vi veit at boksalet går nedover. Bokhandlane blir meir og meir kommersielle, det finst svært få sjølvstendige bokhandlar att i Noreg. Korleis ser framtida for bokmarknaden ut? Blir det 30 nye år på Skald forlag? For små forlag er det vanskeleg å kome inn på strøymemarknaden, då tenestene er eigde av store aktørar og forlaga sjølve. Kan vi håpe Skald er ein del av *redninga* for ein framleis fysisk bokkultur, med designarbøkene sine?

Fest for folk flest

Etter ein halvtimes tid med titting på bøker og laus prat med festdeltakarar, blir folk viste i retning teltet. Det blir fort trongt om

n store litteraturen



“ - Bøkene er innbundne med tråd, slik det er gjort i 500 år. Bøkene frå Skald skal stråle i bokhylla

Simone Stibbe,
forlagssjef

av dei galne påfunna til Lars, seier gründer og styreleiar Jon til latter frå publikum.

- Eg kom heim til han ein romjulskveld. Han hadde opna ei god flaske, så sa han «ta og legg deg der på sofaen», fortel han.

Eigentleg ville dei, som var kultursjefar i kvar sin kommune, få til kulturformidling på tvers av kommunane. Skald blei stifta i 1991. Den første boka kom i 1993.

- Eg fekk berre ein telefon om at eg skulle lese korrektur på ei bok om Ingebjørg den fagre, fortel Jon vidare.

- Skald er eit resultat av manglande planlegging. Vi skulle gjere sånne ting når vi fekk idear, legg Lars Nes til.

Det var først då boka til Odd Njøs ... *berre praten gaor selde* 4500 eksemplar i tre opplag, at Lars og Jon forstod at Skald kunne bli ein suksess, fortel dei.

Heller enn å trykkje opp eit fjerde opplag, gav dei ut ei ny bok med Odd Njøs *De'kje nøye om du lyge litt ...* som også blei ein suksess.

Det var likevel ikkje før Simone Stibbe kom inn i biletet, at Skald verkeleg byrja å skyte fart.

- Då fekk vi planlegging, tysk planlegging! seier Lars Nes, til latter.

Ifølgje Lars finslipte Simone det som allereie var godt, la fram sitt og sine ting og kombinerte det europeiske med det lokale. Det var då vi blei eit ordentleg forlag. I dag er det fem tilsette i Skald – som deler på 3,8 årsverk. I tillegg er det omsetjarar, forfattarar og tekstkonsulentar knytte til forlaget, som gjev omtrent 400 unike namn tilknytte Skald forlag.

Ekte entusiasme

Alt frå politikarar og byråkratar til gjester og tilsette viser stor kjærleik for Skald forlag. Alle er imponerte over det dei får til – det er rett og slett snakk om rein eufori. Dette er også inntrykket ein får av Olaf Haagensen sin reportasje i Morgenbladet 15. september. Og denne euforien og entusiasmen over Skald verkar å vere genuin, ikkje berre noko som blir sagt i festtaler.

Dette viser seg særleg i oppmøte på «forfattarkarusellen».

Her var det ulike forfattarar og omsetjarar ved Skald som hadde høgtlesing frå eit utval bøker. Ein kunne høyre Margunn Vikingstad lese frå den då ikkje-utgjevne nyomsetjinga av *Swanns kjærleik*, eller Geir Pollen lese frå *Då Ivan Iljitsj døydde*. Pollen fylte ei heil stove med folk, og det var stor konkurranse for å få plass. Under teikna fekk derimot plass på opplesinga til Lisbeth Dreyer frå boka *Fortellinger om trær*, som er ei verkeleg unik sakprosa bok om ulike *menneskelege forhold* til ulike tre, heller enn biologiske tema.

Nobelpris i 30-årsgåve

Når kvelden kjem, er det duka for festmiddag. Den går føre seg i ein kjellar rett ved forlagshuset til Skald, og inneheld det formelle middagar flest inneheld. Det er talar og underhaldning, helsing frå kulturministeren og musikalske innslag. Og sjølvstekt god middag og dessert.

Når vi dreg heim for kvelden og nokon av oss køyrer heim dagen etter, kjenner undertekna på ei von for nynorsk. At det er rom for små forlag, med høg kvalitet og stor litteratur innanfor fleire sjangrar – for det meste på nynorsk – er engasjerande og inspirerande. Det går vel eigentleg ganske greitt med nynorsken – i alle fall i den litterære og kulturelle verda.

Kort tid før deltakinga på 30-årsjubileet la målørsla bak seg eit nederlag i opplæringslova: Vi fekk ikkje gjennom eit krav om at digitale læringsressursar utvikla til bruk i skulen, skulle vere på nynorsk. Vi fekk mange gjenomslag, men dette var likevel eit ganske stort nederlag. Tidlegare på året avskaffa dei nynorsk som opplæringsmål ved Sauland skule i Hjartdal kommune. I dette var Skald eit lysglimt i det som til sjunde og sist verka som nederlag for nynorsken i 2023.

Ganske nøyaktig ein månad etter heimturen over Hemsedal, fekk Skald ein nobelprisvinnar blant rekkjene sine. 5. oktober fekk den produktive omsetjaren for Skald, Jon Fosse, nobelprisen i litteratur. Ei betre 30-årsgåve kunne dei ikkje fått. Og 2023 blei nynorskens år likevel.

VEUMUND N. KNUDSEN



plassen: det er ikkje sitjeplassar til alle, endå det blir sett fram fleire stolar i eit høgt tempo. Vêret er på vår side, og det er på mange vis meir behageleg å bli ståande ute i sola, enn å sitje i det varme teltet.

I det gitarist Nils Einar Vinjor byrjar å spele tonar, set partia valkampen på pause og kjem bort for å sjå dei også. Vinjor gav ut ei plate på Skald i den tida dei var ei breiare kulturverksemd som også gav ut plater. Vi får også felespel frå vossingen Steinar Rygg, som framfører «Bjelleslåtten». Han har skriva bok om far sin, Leif Rygg, for Skald. Her er det altså både blues og folkemusikk!

Den over 90 år gamle lokale Odd Njøs, som er ein av dei mest produktive og mestseljande forfattarane på Skald, kåserer og fortel humoristiske historier på brei sognedialekt. Han vekker mykje latter, både blant unge og eldre publikummarar.

Eit resultat av manglande planlegging

Det er sjølvstekt ikkje åremålsdag utan prat om jubilaranten. Det yngste tilskotet til Skald-flokken – Tora Carlsen Haaland – leia ein samtale med Lars Nes og Jon Skjerdal om historia til Skald.

- Eg er eit lukkeleg offer for eit

5600 kvadratmeter nynorsk

Nynorskhuset i Førde

opna med storslått og høgtideleg fest i september. *Norsk Tidend* var til stades alle dagane. Her kjem ei lita oppsummering frå helga.

VEMUND N. KNUDSEN
vemund.knudsen@nm.no

■ Nynorskhuset er plassert midt i sentrum, rett ved rutebilstasjonen og Scandic Sunnfjord Hotel. Det nye huset er om lag 5600 kvadratmeter fordelt på fem etasjar. I dag har Firda og NRK Sogn og Fjordane med dei tilhøyrande Nynorsk avissenter og Nynorsk mediesenter heimen sin her.

Teater Vestland har no også egne kontor og hovudscene. Nyleg blei det også annonsert at Sparebankstiftinga gir 3 millionar for å opne Nynorsk Scenepråksenter i eitt av dei ledige romma i andre etasje, som dei vil dele med Nynorsk Mediesenter og Nynorsk Avissenter. Her skal ein lære skodespelarar opp i nynorsk uttale og dialekt.

Totalt er no seks nynorskinstitusjonar leigetakarar og har Nynorskhuset som sin heim. Sjølv om journalistar og teatera driv med ulike ting og har ulike oppdrag i samfunnet, har alle aktørane her nynorsk som arbeidsspråk og verktøy for å utføre desse oppdraga. Det er noko som bind dei saman. I tillegg er det eit ledig lokale på 1100 kvadratmeter i femte etasje. Kven som flyttar inn her, vil framtida vise.

Første etasje husar Røyst Mat og Vin. Her er det kafé på dagtid og staseleg restaurant på ettermiddag og kveldstid. Han er open fem dagar i veka. Det store arealet som utgjer første etasje, tener også som eit amfi for mindre framsyningar og samtaler, og det finst ei sone med bøker. Rundt omkring i lokala er det også sitat og ulike nynorskord. Trappa opp til andre etasje ventar på eit bestillingsverk frå Brynjulf Jung Tjønn. Ein finn den store teatersalen til Teater Vestland her i første etasje.

Til saman er det 110 tilsette i Nynorskhuset. Med ei slik samling av nynorskverksemdar, blir Nynorskhuset den største nynorske næringsklynga i Noreg. Det finst vel å merke nynorskhus og nynorskteater i Oslo, og i Bergen finn ein Det Vestnorske Teatret. Det er likevel ingen som har så mange verksemdar samla på ein stad.



Nynorsk mediesenter / NRK Sogn og Fjordane

- NRK Nynorsk mediesenter er eit strategisk rekrutteringstiltak for heile NRK.
- Føremålet med senteret er å lære opp nynorskbrukande journalistar for nett, TV, radio og sosiale medium.
- Starta opp i 2004, og har sidan lært opp ti nynorskpraktikantar i året.
- Det er tre tilsette ved senteret.
- Ligg under NRK Sogn og Fjordane, som har heile produksjonen på nynorsk.

Nynorsk avissenter / Firda

- *Firda* er den største nynorskavisa i Vestland.
- Lesarane er i hovudsak i Sunnfjord, men også Ytre Sogn og delar av Nordfjord.
- Nynorsk avissenter starta i 2013, og har tatt inn 10 praktikantar i året.

Nynorskhuset

- Skal bli eit nasjonalt kraftsentrum for norsk språk og kultur.
- Ved å samlokalisere ei rekkje kultur- og medieaktørar, vil dei utvikle ei motvekt til forvitringa av det nynorske språket.
- Er med over 100 arbeidsplassar den største nynorsklynga i landet.

Høgtideleg feiring

Opninga av Nynorskhuset vart høgtideleg og verdig feira over ei langhelg 26. til 29. september. *Norsk Tidend* var personleg invitert og til stades heile feiringa.

Det var eit tettpakka program der alle leigetakarane på ulike vis bidrog til programmet og til gjennomføringa av det.

Torsdagen var det lukka arrangement, der urframføringa av Tollak til Ingeborg var hovudattraksjonen og avslutninga for den offisielle opningskvelden. Det var bunadar og dressar. Det var song og musikk, kunst, talar og fest.

Fredagen var det heildagsprogram frå tidleg føremiddag til kveld. Det var opningstalar og helsingar først. Deretter var det duka for språkkonferansen «Nynorsk i rampelyset». Denne blei opna ved at Ingvild Bryn

Nynorsk fyrstårn



SYNGER NYNORSKEN INN:

Kvinnekorset Kvitre framfører ein versjon av *Dagane* av Odd Nordstoga (over) Fantorangen dansar «BlimE» dansen saman med «PJ» og Mathias frå NRK Super (til venstre).

PÅGANG: Martin Værum Anda ved Nynorsk mediesenter måtte gjenta igjen og igjen at det var kø til omvisinga på Nynorskhuset laurdagen (lengst til venstre).

underheldt publikum med song og musikk og kåseri og anekdotar om det å vere «nynorskfugl i bokmålsland». Deretter fekk vi ein prat om det å vere nynorskbrukar i dag, før vi fekk avslørt ei meiningsmåling om status for nynorskbrukarar i dag. Fredagen blei avslutta med Linda Eides språksjov og systrene Bruns teaterbingo, før det var open etterfest i Røyst mat og vin.

Laurdagen var det opning også for publikum. Då var det familievenleg opplegg heile dagen, der NRK Super og Fantorangen kom heile vegen frå Oslo for å vere med og feire. Det var dans frå Dans utan grenser og Instruktørgruppa Perspektiv.

Det var også mange ulike aktivitetar for barn og familiar etter opningsjovet. Det

var stemningsfull lesestund for dei minste, der skodespeararar frå Teater Vestland las historier frå Øystein Vidnes, Maria Parr og Ragnar Hovland. Det var også eit familieshow i regi av NRK Super. Billettane for omvising på Nynorskhuset blei rivne vekk i ein fei, og det blei kø og venting for mange som hadde lyst å sjå det nye praktbygget.

På kvelden var det ny framsyning av Tollak til Ingeborg, og deretter heldt Synne Vo konsert både for dei over og dei under 18 år. Til slutt følgde open etterfest i lokala til Røyst mat og vin.

Heile langhelga må seiast å ha vore ei verdig og høgtideleg feiring av nynorskens plass i samfunnet. Det er ingen tvil om at den er styrkt med etableringa av Nynorskhuset.

Løft for Teater Vestland gir ringverknader

Teater Vestland merkar godt at dei har flytta inn i nye lokale. *Norsk Tidend* fekk ei omvising av teatersjef Cecilie Grydeland Lundsholt.

Teater Vestland har no 23 tilsette, i tillegg til innleigde som utgjer cirka sju årsverk årleg. Når dei no flyttar inn i Nynorskhuset, får Teater Vestland optimaliserte verkstader for moderne teaterdrift med oppgraderte verkstader mellom anna sveis, snikkarverkstad, målarasal, frisør- og sminke-rom, systove og rekvisittverkstad, og ein heilt ny monteringshall.

– Mange av dei tilsette her gjer ulike ting i løpet av ein dag. Her jobbar det alt frå snikkarar og bussjåførar til skodespeararar. Det er veldig få som tenkjer over at det finst både målarar og skreddarar på eit teater, men det trengst, for vi lagar alt til produksjonane våre sjølve og reiser ut på turne i heile Vestland, fortel teatersjefen.

– Eit døme er målararsalen. Der som ein målar eit stort bilete som skal henge over heile hovudscena, treng målarar å sjå det i perspektiv. I denne nye målararsalen er det mogleg, mens vi tidlegare måtte leggje ut lerretet på golvet og ta det inn på scena for å sjå perspektivet. Det sparar både tid og gir betre arbeidstillingar for dei som jobbar her, seier Lundsholt.

Lundsholt er særleg fornøgd med at dei har fått to nye scenar: ei hovudscene og ei scene 2. Hovudscena er lik i format dei kulturhusa teateret reiser til.

– Tidlegare hadde vi Noregs mest intime hovudscene. Med ei likare hovudscene i eige hus er det enklare å justere for regissørane i prøveperioden. Salen har òg mykje større kapasitet: Den nye scena tek 270 publikummarar, medan den gamle scena i Før-

Teater Vestland

- Er regionsteater og turnéteater.
- Teateret nyttar nynorsk som målform og vestnorske dialektar på scena, og var det andre nynorsk-teateret som vart etablert i Noreg.
- Er landets største nynorske turnéteater.
- Årleg produserer teateret rundt 5–7 eigenproduksjonar. I tillegg kjem gjestespel og samarbeidsprosjekt.
- Teater Vestland har som målsetting å vere relevant for publikum i heile Vestland fylke og reiser difor både til store kulturhus og mindre samfunnshus og grendehus.
- Er eit aksjeselskap med Vestland fylkeskommune (80 %) og Sunnfjord kommune (20 %) som eigarar.

dehuset tok 110. Monteringshallen gjer at det no er enklare med fleirbruk og gjestespel, og vi slepp å montere scenografi på målararsalen, slik vi gjorde tidlegare.

Teater Vestland jobbar også med eit stort prosjekt dei kallar Teater Vestland Utvikling, som skal jobbe både med amatørar og profesjonelle. Teateret har som mål å starte opp eit scenespråksenter som skal lære profesjonelle skodespeararar å spele på nynorsk og på dialekt. Dei vil starte opp eit tilbod der ungdom skal få kome til teateret og lære å jobbe både framom og bak scena. Her er det naturleg å sjå på kva samarbeid som er mogleg å få til med dei vidaregåande skulane i Førde. I tillegg skal dei starte opp eit tilbod for vaksne amatørar våren 2024.

PS. Sjå eiga sak på neste side om nokre av funna som blei presenterte under språkkonferansen.



LESESTUND: Det var stort engasjement, godt oppmøte og stemningsfullt då Teater Vestland heldt lesestund for born under opningshelga i Førde.

VELKOMMEN TIL GARBJORG-MUSEA I 2024!



GARBORG DAGAR

19.–26. JANUAR 2024

Foredrag | Forfattarsamtalar | Boklansering | Opplesingar |
Mat | Konsert | Kunstutstilling | Vandring i jærlandskap

Program og informasjon:
garborgdagar.no – jaermuseet.no/garborgsenteret

KNUDAHEIO og GARBORGHEIMEN
Ope 12–17 kvar dag i juli og halve august
Elles ope søndag 12–16 (mai–september)

GARBORGSENERET
Ope 10–15 måndag til laurdag
Meir info på www.garborg.no


GARBORGSENERET
JÆRMUSEET

Mange er stolte nynorskbukarar

Nynorskbukarar flest kjenner seg aksepterte og stolte – men éin av seks har fått negative tilbakemeldingar det siste året.

■ Over 16 prosent av nynorskbukarane har fått negative tilbakemeldingar for språkbruken sin det siste året.

To tredjedelar av nynorskbukarane er heilt einige i at dei er stolte over å bruka nynorsk. 11 prosent svarar at dei er litt einige i dette. Berre 4 prosent er litt eller heilt ueinige. Det viser ei spørjeundersøking utført av Norstat på oppdrag for Nynorskhuset i Førde og fleire nynorske organisasjonar. Fredag 29. september blei språkkonferansen «Nynorsk i rampelyset» arrangert i Nynorskhuset Her blir det sett søkelys på korleis det er å vera nynorskbukar i 2023.

Kjenner seg aksepterte

56 prosent av nynorskbukarane svarar at dei føler at det er akseptert for dei å skriva nynorsk i lokalsamfunnet sitt. Minst akseptert synest det å vera i Nord-Noreg og Oslo. Færre unge enn eldre kjenner at det er akseptert å skriva nynorsk, og éin av fire unge nynorskbukarar mellom 15 og 29 år har opplevd å få negative tilbakemeldingar for å skriva nynorsk det siste året.

– Det er kjekt å sjå at dei fleste nynorskbukarane kjenner seg aksepterte for språket sitt, men det er samstundes ingen tvil om at me framleis har ein veg å gå. Det er ikkje bra at så mange unge har fått negative tilbakemeldingar på nynorsken sin – det handlar til sjuande og sist om identiteten til unge menneske, seier Rune Fossum Lillesvangstu, leiar ved NRK Nynorsk mediesenter.

– Alvorleg

Flest negative tilbakemeldingar har dei 31 nynorskskrivande studentane som svara på undersøkinga fått. Meir enn éin av tre av desse har fått negative tilbakemeldingar det siste året fordi dei skriv nynorsk.

– Det er alvorleg at så pass mange opplever å få negative tilbakemeldingar på det norske

Fakta

- Nettbasert undersøking med svar frå 5259 menneske over 15 år.
- Ekstra spørsmål til dei 708 som hadde nynorsk på barneskulen og/eller skriv oftast nynorsk i private meldingar og sosiale medium.
- Undersøkinga er betalt av Nynorsk kultursentrum, Noregs Mållag og Nynorskhuset (med støtte Vestland fylkeskommune) og gjennomført av Norstat i samarbeid med NRK Analyse, NRK Nynorsk Mediesenter og Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK).

skriftspråket sitt. Tala for dei unge er små, og derfor usikre, men viss det verkeleg er slik at ein så stor del nynorskskrivande unge og studentar opplever å få negative tilbakemeldingar på å skriva nynorsk, så er det svært alvorleg, seier Svein Olav B. Langåker, dagleg leiar i Landssamanslutninga av nynorskkommunar.

I tala for nynorskbukarane må ein ta høgde for feilmarginar på grunn av få svar.

Flest unge skriv dialekt

Til saman har over 5200 personar svara på den nettbaserte undersøkinga til Norstat. 19 prosent svarar at dei oftast skriv dialekt i private meldingar og sosiale medium, og fire prosent svarar at dei skriv nynorsk. 73 prosent svarar at dei skriv oftast bokmål, og to prosent svarar engelsk.

Dialektbruken er størst blant dei unge under 30 år. Éin av tre unge under 30 år skriv dialekt i private samanhengar. Fire prosent av dei unge under 30 år skriv oftast engelsk i private meldingar og sosiale medium.

Språkskiftarane

Fleire av dei som hadde nynorsk på barneskulen, skiftar til bokmål i løpet av livet. Av dei som hadde nynorsk på barneskulen, men no oftast bruker bokmål i private meldingar og sosiale medium, er det nesten ni av ti som òg bruker bokmål på jobb. Under 40 prosent av desse føler at det er heilt akseptert å bruka nynorsk på jobb, og akkurat 40 prosent kjenner det er akseptert i lokalsamfunnet. 55 prosent



UNGE FÅR MEST HETS: Ein av seks unge og meir enn ein av tre studentar har fått negative tilbakemeldingar på at dei skriv nynorsk siste året.

av desse står fritt til å velja kva skriftspråk dei vil bruka i jobbsamheng.

– Denne veka opnar me Nynorskhuset i Førde. Her finn me ei av dei største nynorskklyngene i landet innanfor media,

kultur og formidling. Me håpar at det kan bli eit kraftsentrum som òg kan vera med på å gjera nynorsken meir akseptert, seier han.

Nynorskdagane i Alver

Det var 15 ulike tilskipingar under nynorskdagane i Alver i år, som gjekk føre seg mellom 22. september og 1. oktober. Fleire av arrangementa hadde i år inspirasjon av Ivar Aasen. Det var konsertar for både store og små. Eit døme er Radøy mållag, som hadde vitjing av karane bak musikkprosjektet «Summetonar». **Olav Stedje**, **Finn Tokvam**, **Odd-Erik Lothe** og **Halvor Folgerø** var alle i storform og klarte å begeistra alle dei vel 150 frammøtte på Samfunnshuset.

Det var også debatt på Meieriet på Frekhaug om nynorsken i kommunen. Alversund, Radøy og Meland Mållag gav beskjed om at dei vil donere bokpakkar og nynorskmateriell til skulane i kommunen. I tillegg var det forfattarbesøk frå **Hilde Fjeldsende** på biblioteket på Manger, der ho las dikt og prata om poesi. Det var også nynorskkviss med Radøy mållag, og ikkje minst stadnamnvandring i lokalområda.

Møte om det samiske

Tysdag 26. september heldt Bærum mållag eit møte med tema «Kva er stoda for det samiske i dag?». Det var innlegg frå **Benedikte Pryneid Hansen** frå Norske Samers Riksforbund og **Knut Arnesen Sem** frå Nordkalottfolket, og til slutt spørsmål og innlegg frå salen.

Nynorskkveld i Kyrkjebø.

Kyrkjebø Ungdomslag og Kyrkjebø Mållag inviterte til nynorskkveld i Kyrkjebø samfunnshus søndag 22. oktober. **Sissel Tove Litzheim** og **Helga Hjetland** var konferansierar for kvelden. Dei opna med å seie at det var mange gode grunnar til å feire nynorsken for tida: Nynorskhuset har opna og Jon Fosse vart tildelt Nobels Litteraturpris. Helga Hjetland heldt eit kort føredrag om dei historiske røtene til nynorsken lokalt, og det var fleire nynorske musikkinnslag.



DIALEKT: Ingar Arnøy frå skrivarstova heldt innleiing om dialekt før og no og presset frå bokmål på målmøte i Flisa.

Målmøte på Flisa

Det kom heile 28 stykk på målmøtet i Åsnes bibliotek på Flisa bibliotek 2. oktober. Det er eit av dei største – kanskje fyrste – målmøta som har vore på Flisa på fleire tiår. Utgangspunktet for møtet var boka «Nissene på Finnskogen» av **Kari Bredvold**. Dialogen i boka er skriven på sollungdialekt.

Stand på Fårefestivalen

Gol Mållag har tradisjon for å delta her. Publikum vart inviterte til å finne dialektord for vanlege gjenstandar, til å bøye verb (idag era me, i går voro me), og til å finne fleirtalsforma av vanlege og kjende substantiv. Eit lite mållagsdrops som premie vart godt motteke! Veit de forresten at dette er eit magisk drops - ta eit slikt og du kan plutsleg prate dialekt!



INSPIRASJON: Stort engasjement og inspirerende samtaler fann stad under nynorske inspirasjonsdagar i Tromsø.

Vellykka nynorsk inspirasjonsdag i Tromsø

Dei 30 lærarane som deltok på Nynorsk inspirasjonsdag i Tromsø 11. oktober, var svært nøgde med dagen. **Synnøve Sætre** frå Nynorsksenteret viste i sju punkt viktige prinsipp for opplæringa i nynorsk sidemål. Eksponeer eleven for nynorsk og finn engasjerande tekstar, var nokre av dei gode rådå.

Forfattar og lærar **Irene Larsen** hadde eit «bokbad» med forfattar **Sigrid Agnethe Hansen** som har skrivne to ungdomsbøker. Her fekk tilhøyrarane

både vite om bakgrunnen til forfattaren og tankane hennar om bøkene, og ikkje minst Ikorleis Irene Larsen bruker desse bøkene i undervisninga. I ettertid har Sigrid, som kjem frå Harstad, velfortent fått Blix-prisen!

Troms og Finnmark mållag hadde saman med Tromsø mållag tatt initiativet til inspirasjonsdagen, og Tromsø mållag med **Jo Are Vik** og **Gunnhild Skjold** i spissen sørgde for ein fortrefleleg nynorskdag.

Dialektfestival i Strandebarm

Festivalen vart arrangert av Fosse-stiftinga, Kvam Mållag og Folkeakademiet Kvam, i samarbeid med Kvam herad, med støtte frå Kvam søge- og kulturminnelag og Noregs Mållag. Identitet, respekt, kultur og språk var stikkord for festivalhelga, som hadde aktivitetar for store og små ulike stader i Strandebarm. **Sylfest Lomheim** snakka om vestlandsdialektane sin plass i verda i dag. Forteljar **Anne Hungnes** lærte folk teknikkar innan forteljekunsten. Ho hadde òg ei eventyrstund laurdagen. Dei som var interesserte i stadnamn, utveksla røymsler og fekk tips til korleis ein kan starta med innsamling på stadnamnverkstad med **Karl Peder Mork**.

Elevar og lærarar frå vaksenopplæringa delte erfaringar med å læra norsk med to målformer og mange dialektvariantar. Arbeidet med norsk ordbok, norsk språk og kommunikasjon i møte med engelsk var **Oddrun Grønvik** oppteken av i føredraget sitt på fredag. Folk fekk fiska, padla, bada, spela minigolf eller kosa seg med vaflar eller pizza på kaféen.

Både fredags- og laurdagskvelden vart det underhaldning og dans i ungdomshuset Haugatun. Søndag var det festivalgudsteneste, og born fekk glede av lesestund i biblioteket.

Litteraturdagar i Flåm

Det var smekkkfullt hus, blei selt ekstra billetter og det måtte setjast fram fleire stolar under Litteraturdagane i Flåm. Det vart eit endå sterkare år enn det svært sterke fjoråret, som gjekk føre seg på Samfunnshuset. **Ingvild Bryn**, **Jan Inge Fardal** og

Sigurd Kvikne underheldt laurdagskvelden. Her møtte det opp nærmare 150 stykk. **Brit Bildøen**, **Anders Totland** og **Olaug Nilssen** hadde bokbad på dagen, og her var det rundt 80. Daniel Kvammen var trekkplaster for eit yngre publikum. Det var høg dansefaktor, og mange mimra tilbake til korleis det var før då det var dans på Samfunnshuset. Det vitnar om eit svært vellukka arrangement!

Ny leiar i Medisinsk mållag

Øygunn Leite Kallevik er vald til ny leiar i Medisinsk mållag. Me ynskjer ho til lukke med vervet!

Du Mitt Nordmøre 2023 er ute



TRADISJON: Du Mitt Nordmøre 2023 er no ute! Astrid Asheim Aubert og Ingrid Kjønnyøy smiler av ny utgåve av Du mitt nordmøre!

I år var vi innom desse kommunane: Nord-Fron, Sør-Fron, Sel, Vågå, Skjåk, Lom, Dovre, Lesja, Rennebu, Melhus, Skaun, Orkland, Tingvoll, Gjemnes, Sunndal, Surnadal, Aukra, Hustadvika og Molde, fordelt på 3 veker frå **23. oktober til 10. november.**



I 2023 fylte Nynorskstafetten 10 år!

■ Nytt i år var at vi drog innom kommunar som ikkje har nynorskelevar i skulen. Vi hadde med oss forfattarar, Lands-samanslutninga for nynorsk-kommunar og Nynorsksenteret nokre av dagane i år. Det bidrog til ein personsterk og slagkraftig nynorskstafett. Her er eit utval bilete frå stafetten i år.

1 Vemund N. Knudsen (foran) og Ingar Arnøy frå Skrivarstova saman med lærar Heidi V. Ermesjø i Skaun i Trøndelag.

2 Stafetten møtte Vågå kommune, med ordførar Harald Sve Bjørndali spissen.

3 I avisa Fjuken og fekk vi ein triveleg prat med redaktør Hans Erik Kjosbakken.

4 På Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter brukar dei Norsk Barneblad ofte i undervisninga.

5 Frida Pernille Mikkelsen frå skrivarstova på Mo oppvekstsenter.

6 Frå v: Ellinor Bergli Bustad, Ingar Arnøy, Heidi Ermesjø og Vemund Knudsen på skulevitjing hjå Viggja skole i Skaun kommune.

7 Kveldsskiping i Angvika med Gjemnes mållag

8 Topp stemning hjå Per Henning og Gro på skrivarstova for at vi endeleg er i gang med årets stafett!



Sagt om Fosse

✦ Jeg tror Fosse selv vil si at dette er en pris til nynorsken. Han har ofte sagt at hans litteratur og forfatterskap er svært sterkt tuftet i nynorsken. Det gir ham også den spesielle stemmen han har. Dette betyr selvsagt enormt mye for både Samlaget og nynorsken.

**Edmund Austigard
til Klassekampen**

✦ For å ha glede av å lese ham må man være litt tålmodig. Da tror jeg verken mangel på punktum eller språkformen hans betyr noe for lesere som er uvant med nynorsk. Virkelig god litteratur, som Jon Fosses, er musikk på tvers av språk. Poesien, rytmen og musikaliteten i det

litterære språket hans er helt særegen.

**Marit Borkenhagen
til Gudbrandsdølen
Dagningen**

✦ Dette er også ein festdag for nynorsk. Det er første gong i historia at Nobelprisen i litteratur går til ein nynorskforfattar.

**Leiarartikkel i VG
fredag 6. oktober**

✦ Når ein nynorskskrivande forfattar vinn Nobels litteraturpris, vert dette opplevd som ei anerkjenning av målforma eg nyttar, og eg visste ikkje før i dag kor naudsynt det var. Ut frå nyheitsoppslaga, kan det verke som at

mange nynorskbrukarar opplever det same.

**Elisa Bruvik Sætre,
Bergens Tidende**

✦ Så nå skriver de plutselig om hva nynorsk er for noe her borte! Det er veldig morsomt og veldig fint å se.

**Karl Ove Knausgård
om nobelprisen til Fosse**

✦ «Skal eg seia kva kjærleik er, lyt eg seia namnet ditt», står det i eit dikt i samlinga Auge i Vind. Og skal eg seia kva litteratur er, lyt eg nemna Jon Fosse.

**Ruth Lillegraven
i Dag og Tid**

✦ Vi veit enno ikkje konsekvensane av nobelprisen. Om det

blir så bra som at nynorsken vil Fosse fram etter dette veit vi ikkje enno, men det var no kjekt å lage eit ordspel på Jon Fosse.

[...]

Det er berre å takke og gratulere Jon Fosse som har sett det nynorske skapet på plass!

Firda Tidend

✦ Det høyrest liksom ut som at nynorsken berre er til pynt, og ikkje målforma til hundretusenvís av menneske som har det som det primære språket å uttrykke seg skriftleg på. Nynorsk er heilt klart vakkert, men ikkje berre.

**Elisa Bruvik Sætre,
Bergens Tidende**

«... realistisk og direkte om det å være ungdom.»

FRÅ BRAGEJURYENS GRUNNGJEVING

Om nokon hadde arrangert ein konkurranse i å vere 16 år, ville Inga komme på sisteplass. For sjølv om ho er flink i alle skolefaga, har fleire gode vener og er godt likt, får ho ikkje til det dei andre jentene i klassen får til. Nemleg å gå på festar, drikke seg full og vere med gitar.



ASCHEHOUG



«Ei bok å juble for.»

... den vellukka kombinasjonen av kreativ overflod i ei stram, lettlesn form gjer at ein skulle ynskje ein fekk vere statsminister for ein dag. Då skulle *Alien i klassen* leggast i sekken til kvar einaste førsteklasing ...»

JANNE KARIN STØYLEN, BERGENS TIDENDE





Foto Tom A. Kolstad / Samlaget

✦ Nynorsk er i verdssamheng ikkje eit lite skriftspråk, faktisk. Det finst sikkert hundrevis av skriftspråk som er mindre. På Vestlandet er ikkje nynorsken liten, uansett. Og vi har ein «heil hær» av framstående nynorskforfattarar.

Odny Miljeteig i BA

✦ Når Jon Fosse vinn den fremste litteraturprisen verda byr på, er nynorsken blitt stor. Då er litteratur skriven på nynorsk blitt verdslitteratur. Det betyr uendeleg mykje for nynorskskrivarar og -brukarar. Kanskje såg sjølv ikkje Ivar Aasen for seg akkurat dette.

Edmund Austigard i Dag og Tid

✦ Tanken om at ein har skriftleg norsk i to variantar, to «målførmer», er ei ideologisk lygn. Ein har to skriftspråk i Noreg, bokmål og nynorsk, det eine byggjer på norske dialektar, nok mest på vestnorske, utan å falla saman med nokon av dei, det andre byggjer på dansk, med preg av særleg austnorske dialektar, særleg med språket tala vest i Oslo.

Det blir likevel feil å snakka om norsk og dansknorsk, slik ein før gjorde. Det blir vel polemisk. Vi har to norske skriftmål, korkje meir eller mindre.

Jon Fosse i intervju med Jan H. Landro

✦ Fosse writes in Nynorsk, a minority language, rather than Bokmål, the more widely used Norwegian language for literature. While some have interpreted his use of Nynorsk as a political statement, Fosse has said it's simply the language he grew up with.

The New York Times

✦ While Fosse is the fourth Norwegian writer to get the literature prize, he is the first in nearly a century and the first who writes in Nynorsk, one of the two official written versions of the Norwegian language. It is used by just 10% of the country's 5.4 million people, according to the Language Council of Norway, but completely understandable to users of the other written form, Bokmaal.

AP News

✦ «So it's a really big day for a minority language,»
Guy Puzey, senior lecturer in Scandinavian Studies at the University of Edinburgh

✦ It's very important to remember that he writes in Nynorsk or New Norwegian, a minority language in Norway, a political act in itself.

Jacques Testard, den engelskspråklege utgjeveren til Fosse, til The Guardian

✦ Fosse's language is itself notable: He writes in Nynorsk, the smaller of Norway's two official written languages, which he has also translated a number of writers into, notably Franz Kafka and James Joyce. Fosse is a «national hero among Nynorsk speakers,» his translator, Damion Searls, told The New Republic shortly after the announcement was made.

New Republic

✦ The celebrated 64-year-old's major works, written in the Nynorsk variation of Norwegian

BBC

✦ Astrid Hygen Meyer, the literary editor of Norwegian newspaper Klassekampen, argued that it added a political dimension to the prize in the Norwegian context: «Nynorsk is a minority language that is under constant pressure, and Fosse is a persistent advocate of Nynorsk who has shown the distinctive literary qualities of this written language,» she said.

Astrid Hygen Meyer til The Guardian

✦ One of the world's most widely performed playwrights, Fosse's immense oeuvre written in Nynorsk (a literary form of Norwegian, based on country dialects and constructed in the 19th century as a national-language alternative to Danish).

University of Rochester

Dette seier folk om Fosse

Foto: Marie von Krogh / Cappelen Damm



TORE RENBERG forfattar

Eg har eit tilårskome og levande forhold til Jon! Eg blei kjend med litteraturen hans i 1992, då eg stabba rundt som litteraturstu-

Foto: Tove Breistein / Samlaget




BRIT BILDØEN forfattar

Han er ein kjær kollega på Samlaget, var ein god skrivelærer da eg gjekk på Skrivekunstakademiet i 90/91, og eg hadde æra av å jobbe med nokre av bøkene hans da eg var konsulent på Samlaget. Men først og fremst er han ein forfattar eg har lese med stor glede og interesse frå han kom med den eksepsjonelle debuten Raudt, svart i 1983. Han har verkeleg sett tonen for oss vestlendingar. Dette ordknappe som likevel rommar så mykje. Kontrasten mellom det smålege surret vi går med i hovuda alle mann, og dei store spørsmåla. Liv og død, lys og mørke. Og så det evige regnet, da.

dent på Nygårdshøyden i Bergen om dagane og skreiv på mine tidlege – refuserte – manus om kveldane. Det var perfekte bøker for meg, dei skjøre kjenslene, den superlitterære stilen, forma; alt stemde og alt inspirerte. Dei litteraturteoretiske verka, med si skrift-insistering, var eg òg begeistra for. Alt saman skjerpa mitt estetiske og etiske forhold til kunsten. Eg får innrømme han blei noko av ei besetting; eg portrettintervjua Jon for Studentradioen, seinare for Leseforeningen på NRK 2 i 1998 - og til alt overmål sende eg han ei diktsamling i 1993, trur eg det var, som han var så elskeleg å lese og gi ei streng men veldig konstruktiv vurdering av. Stort var det. Stort! Eg har følgd han sidan, lysande mann, skinande bøker. Ein skal vere takksam for å få lese og skrive i same tid som ein slik forfattar.

Foto: Eli Berge, Fotoflino/Samlaget



RAGNAR HOVLAND forfattar

Jon Fosse er ein venn og god kollega, som eg har kjent i 40 år, sidan han debuterte i 1983. Eg har lese det aller meste av det han har skrive, og var konsulent på 5-6 av dei tidlegaste bøkene hans (men ikkje debutboka). Vi var også kollegaer i ca fem år, som lærarar på Skrivekunstakademiet i Hordaland. Ei stund var vi også begge hovudkonsulentar på Det Norske Samlaget (men Jon gav seg fort med det). No møtest vi to gonger i året på Kaffistova i Oslo og pratar om laust og fast.

ANNA MARIANA BOHLIN førsteamanuensis ved UiB

Det mest underbara med Jon Fosse är hur hans språk härbärgerar ångest på ett sätt som lämnar läsaren befriad från oro.

Jag har dessvärre läst för lite för att kunna uttala mig om favoritgenre eller ge läsråd, men det är en annan sak jag skulle vilja säga. Det kanske inte lämpar sig för att trycka, men här är det i alla fall:

Som svensk blir jag irriterad på att diskussionen i svensk media är så upptagen av översättningar. Självklart är det viktigt att översätta även litteratur på andra nordiska språk för att nå ut till en bredare läsekrets, men det är inte svårt för svenskar att förstå nynorsk! En av Fosses översättare talade i Sveriges Radio



HEMING HELLAND GUJORD

førsteamanuensis ved UiB

Eg har kjent til Fosse sidan eg studerte i Bergen frå 1988 til 1994. Eg abonnerte også på Vagant og såg kva status Fosse hadde. Essay-samlinga «Frå showing via telling til writing» var også med på å gjere Fosse spennande og interessant for ein student. Eg brukte Fossetekstar i undervisninga då eg var kollokvieleiar på nordisk og sendelektor på Odense universitet. Som medlem av juryen i Nynorsk litteraturpris var eg også med på å gi han pris for første bandet av «Septologien». Fosse har alltid vore der. Men for meg som historisk og ideologisk orientert litteraturforskar, har Fosse også alltid vore ei utfordring.

direkt etter tillkännagivandet av priset om att kärvheten i Fosses nynorsk inte riktigt låter sig översättas till svenskans betydligt mjukare idiom. Just därför borde man uppmana folk att läsa på originalspråk. I Norden har vi förmånen framför resten av världen att kunna ta till oss Fosses rytm, rymd och klang på nynorsk – denna njutning borde även svenskar unna sig.

FRODE HELMICH PEDERSEN

professor, UiB

Jeg fikk først et nært forhold til Fosses diktning da jeg skulle holde prøveforelesning til doktorgraden i allmenn litteraturvitenskap i 2009. Da ble jeg bedt om å forelese over et



Foto: Peikonen Forlag

tema knyttet til Melancholia-romanene, som jeg derfor leste grundig og oppmerksomt, flere ganger, på kort tid. Det var en stor opplevelse som befestet min store respekt for dette forfatterskapet. Samtidig skal det sies at jeg er ambivalent til det, for Fosse har noen påfallende begrensninger. Man kan si at det allmenne med hans litteratur også er hans begrensning. Hans verker har til tider ganske stor avstand til tiden vi lever i. Dessuten er det nok et problem at han er såpass lett å parodierte.



STINA RINGDAL STRØM

Norsk Målungdom

Jon Fosse er kanskje blant mine favorittforfattere. Eg hugsar at vi las utdrag av Fosse på ungdomsskulen utan at eg la så mykje i det, og eg trur eg var litt skeptisk til den enkle stilen. Det er først i dei siste åra eg har sett meg litt meir inn i nokre av verka, og har blitt ordentleg rive med.



ELISE WINTERTHUN

litteraturvitar og kritikal i Klassekampen

Eg har sans for mange av bøkene og stykka til Fosse; eg har ikkje lese alt, men ein del. Eg er sjølv frå Hardanger, og lynnet hjå Fosse er ofte kjend for meg, på eit vis eg har vanskeleg for å setje fingeren på. Det handlar om heilt enkle formuleringar, til dømes har ikkje blitt, som ei forklaring på kvifor ein ikkje har fått noko gjort. Har ikkje blitt. For meg er dette ei fullgod forklaring på det meste, som rommar uendelig mykje.

Foto: Klassemapnen



Foto: Sofie Hopland

TRON PETTER AUNAAS

lesar og Fosse-fan

Forholdet er som en dårlig rom-com, vi gikk på en måte fra fiender til elskere (foreløpig en ensidig sak). Syntes han var pretensios på videregående, begynte å lese ham i smug på forfatterstudiet i Bø, falt for ham i Bergen (det måtte Vestland til!). Jo! Sist jeg «fangirlet» var det for ham, da jeg traff ham på gaten og fikk ta ham i hånden. Noen måneder etter dette møtte jeg blikket hans på vei hjem fra nachspiel, tidlig om morgenen, kledd som en prostituert.

Ikkje lese noko av Jon Fosse før? Du er verkeleg ikkje åleine! Har du fått lyst til å sjekka ut noko av nobelprisvinnaren, men **veit ikkje kvar du skal starta?** Det er også heilt forståeleg! Vi freistar å orientera og hjelpa nye lesarar inn i Fosse si litterære verd.

Leseguiden

VEMUND N. KNUDSEN
vemund.knudsen@nm.no

■ Jon Fosse har skrive romanar, dramatik, poesi og essay. Han har også skrive eit knippe noveller og kortprosa. Han har faktisk også skrive barnebøker! Kvar skal du byrja i denne mangslungne forfattarskapen? Bør ein lesa romanane, dramatikken eller poesien først? Finst det nokon skjulte perler?

Norsk Tidend har spurt akademikarar og kritikkarar, unge og eldre lesarar og forfattarar for å finna svar. Vi har stilt følgjande spørsmål:

- 1 Kva er ditt forhold til Jon Fosse?
- 2 Kva er dine favorittar (romanar, skodespel, kortare prosa/noveller eller dikt) av Jon Fosse?
- 3 Kvar vil du tilrå ein ny lesar å byrje?

Vi har freista å samla saman dei svara som er komne inn, til eit heilskapleg bilete. Mange har bidrege, ikkje alle er siterte direkte. Men alle skal ha takk. I det som følgjer, har vi freista å laga ulike guidar til Jon Fosse. Her er det noko for nye lesarar, meir erfarne lesarar, og guidar for dei som vil ha meir spissa tilrådingar innanfor dei litterære sjangrane Fosse har skrive i. I denne guiden vil du berre finna originalverk skrivne av Fosse, ikkje attdiktingar eller omsetjingar.

Eit generelt tips er å lesa Fosse høgt og ta deg god tid. Då får du klårt fram musikken og rytmen i språket hans.

Her byrjar du:

Morgon og kveld (2000)

– Denne boka er blitt for Fosse det *Fuglane* er for Tarjei Vesaas, seier Jørgen Magnus Seiersted ved UiB til *Norsk Tidend*. Det seier ikkje så fint lite.

– Dette har vore den romanen som blir nemnt oftast og med størst lovord frå dei fleste *Norsk Tidend*

har spurt. Ikkje berre er dette favorittboka til fleire, det er denne som hyppigast blir trekt fram som eit godt startpunkt for nye lesarar. Her møter lesaren karakteren Johannes i to vesentlege fasar i livet; når han blir fødd, og når han spaserer roleg inn i døden. Romanen er kort og overkomeleg, men også filosofisk interessant omkring byrjinga og slutten på livet. Han tek opp mykje klassisk Fosse-tematik, i den attkjennelege, suggererande stilen hans. Samstundes blir romanen skildra som lysare enn mykje anna han har skrive.

– Likar du ikkje denne boka, er det ikkje håp. Vakra boka! Seier Tore Renberg til *Norsk Tidend*.

– Skulle denne likevel ikkje falla i smak, er det meir enn nok å ta av.



Nokon kjem til å komme (1996)

– Dette stykket er lett å lesa og vanskeleg å forstå, og er klas-

sisk Fosse, seier Frode Helmich Pedersen, professor i litteratur ved UiB.

Nokon kjem til å komme er det første dramaet Fosse skreiv, men ikkje det første som blei sett opp. Det er kort og konsentrert, men har rom for mange tolkingar. Det er både realistisk og abstrakt samstundes. Dette er også det mange av dei yngre lesarane *Norsk Tidend* har snakka med, har lese. Det dukkar mellom anna opp som pensum i litteraturstudium rundt omkring i landet.

– Det er gjevande å diskutera med studentane korleis små variasjonar i frasering, til dømes når punktum vart skifta ut med spørjeteikn, kan endra så mykje av stemninga i dialogen, fortel Sissel Furuseth til *Norsk Tidend*.

Nokon kjem til å komme treffer breie aldersgrupper, og er ein fin introduksjon til Fosse generelt, og til dramatikken hans spesielt.

Andvake-trilogien (2007–2012)

– Denne er lettlesn og dramatisk, i tillegg til at han er djup og trist, seier professor emeritus Erling Aadland til *Norsk Tidend*.


– Denne slukte eg i ein jafs. Den er så levande, vill og følsam på same tid, seier kulturredaktør i BT, Jens Kihl.

Andvake-trilogien – eller *Trilogien* – er ei djup, vakker og trist kjærleikshistorie. Det handlar om Asle og Alida sitt forsøk på å vere saman og finne seg ein plass i verda, sjølv-



sagt under vanskelege kår og i møte med små og store utfordringar frå verda av ulik art. Forteljinga alluderer til juleevangeliet, og høver såleis fint til juletider. Og slapp av: du treng ikkje vera religiøs for å setja pris på denne forteljinga. På berre litt over 200 sider får du ei forteljing som handlar om dei som har mykje og dei som har lite, om arv og miljø, om brotsverk og straff, liv og død, himmel og jord, store moralske spørsmål og om grunnlaget for kunst og kunstnaren, skriven i Fosse sin attkjennelege minimalistiske, suggererande og melodiske stil.

– Denne er også sett opp som teater og skal i 2025 ha premiere som opera. Så her kan du førebude deg ved å lesa boka først!



Naustet (1989)

– Sjølv feira eg tildelinga med å lesa *Naustet* på nytt. Det er ei effektiv, tilgjengeleg og sterk for-

“ Eit generelt tips er å lesa Fosse høgt og ta deg god tid. Då får du klårt fram musikken og rytmen i språket hans.



SKODESPEL OG PROSA: Internasjonalt er Fosse først og fremst kjent som dramatiker, noko som viser seg i at det var skodespela som blei nemnte først i nobeltalen. Her heime er hans også kjent for dei gripande og vakre romanane hans.

Foto: Agnete Brun / Samlaget

teljing som har mykje Fosse i seg, seier Jørgen Magnus Seiersted.

– *Naustet* trur eg òg er ein fin veg inn i Fosse si verd, seier Fredrik Parelius ved UiB.

Naustet frå 1989 er Fosse sin fjerde roman og var det første verkelege gjennombrotet Fosse fekk her til lands. Han er rekna for å vera ein av dei sentrale romanane til Fosse. Handlinga går over tre dagar ein sommar i det vi forstår er ein typisk vestlandsk småstad. Det utspeler seg eit trekantdrama mellom eg-personen, barndoms-kameraten Knut og kona til Knut. Romanen er like spennande som ein kriminal- eller spenningsroman og tematiserer kjærleik, venskap, sjalusi og død. Men det er også ein roman om kunst som terapi og eit forteljarteknisk eksperiment. Kven er det *eigentleg* som skriv og er forteljaren her?

Romanen vil både overraska og forundra deg, og han er tidvis ubehageleg. Romanen var ei stund brukt mykje i den vidaregåande skulen, så han eignar seg godt for eit ungt publikum.

Det er Ales (2004)

Det er Ales er ei tynn lita forteljing på berre 75 sider, som likevel kjennest storslått. Vi møter Signe




som har sakna Asle sidan han forsvann etter ein tur ut på Fjorden. Gjennom Signe får vi skildra det som endrar seg og det som blir att, når ein har mista nokon. Romanen er ei vakker skildring av den store kjærleiken og døden og om menneskets forhold til havet og naturen, og korleis hav og natur både gir og tar liv.

Romanen skiftar perspektiv og vekslar mellom notid og fortid, heilt saumlaust. Slik glir tid og rom og ulike generasjonar over i kvarandre, og tematikken blir tidlaus. Det er ei lita bok om store spørsmål, og heilt klart ein av Fosse sine vakraste.

Kvar går eg vidare?

Etter at du har lese dei føreslåtte introduksjonsverka til Fosse, kan du fylla på med desse romanane. Eventuelt om du sjølv synest du er ein erfaren lesar, kan du hoppa rett på desse romanane av Fosse, som av mange er vurderte som dei beste – men som langt ifrå er dei enklaste.



Melancholia I + II (1995-1996)

– Det var *Melancholia*, særleg den andre delen, *Melancholia II*, som fekk meg til å innsjå at han hadde gått langt forbi alle andre levande norske diktarar, seier Erling Aadland, professor emeritus ved UiB.

Melancholia I og II er ein favoritt blant fleire av dei *Norsk Tidend* har snakka med, og blir av fleire sagt å vera Fosse sitt beste verk. *Melancholia*-bøkene blir faktisk rekna for å vera eit hovudverk i nyare norsk og europeisk litteratur.

Melancholia handlar om Stavanger-målaren Lars Hertervig (1830-1902), som er kjend for korleis han målte lys. I den første boka følgjer vi Lars Hertervig frå han blir kasta ut av hybelen sin i Düsseldorf til den dagen han rømmer frå Gaustad etter å ha vore innlagd. I bok II er vi i Stavanger i 1902. Hovudpersonen her er den fiktive søstera til Hertervig, Oline. Gjennom minnet hennar opplever vi episodar frå livet til Hertervig.

I *Melancholia* eksperimenterer Fosse med kronologi og form, forteljeteknikk og perspektiv. Romanen er mørk i korleis han skildrar psykisk sjukdom i eit kunstnarsinn. Det er også ein refleksjon om korleis minne og tankar funkjar, og korleis ein opplever hendingar frå ulike perspektiv. Somme har forstått særleg siste del av romanen som ei skildring av demens, men her er det rom for fleire forståingar og tolkingsmåtar. Det er eit meisterverk i

Fosse sin forfatterskap, og er av dei lengre romanane hans. Det krev sitt av lesaren, mykje også på grunn av den mørke tematikken, men det er eit stort litterært kunststykke, og ei mektig leseoppleving.



Septologien (2019–2021)

Septologien er eit av dei nyaste verka til Fosse, og det er også den mest omfattande utgjevinga hans. Septologien er gjeven ut i tre band som til saman er på om lag 1000 sider. Der dramastykka til Fosse er kjende for å ha høgt tempo og intensitet, og vera korte, er Septologien eit langt og saktegåande verk. Fosse sjølv har sagt at han aktivt gjekk inn for å skriva noko heilt annleis enn dramaa, og at han nok aldri kjem til å skriva noko slikt igjen. Det er altså på sett og vis noko utypisk Fosse vi har med å gjera med Septologien, sjølv om det også er mykje attkjenneleg Fosse. Saman med Trilogien er Septologien av dei meir religiøse verka til Fosse: Han konverterte til katolisismen i 2013.

Septologien kan også vera ein god stad å starta for nokon. Verket tematiserer nemleg mykje av det Fosse har skrive om gjennom forfatterskapen sin, og ein vil dermed få svært mykje Fosse for tida ein investerer i tre band. Sjølv om lengda vil skremma nokon vekk, vil den suggererande stilen likevel få Septologien til å fly unna. Det er perfekt for dei som ønskjer langlesing.



Stengd gitar (1985)

– Den gripande romanen *Stengd gitar* (1985) var mitt første møte med Fosse. Eg minnest boka som intenst rytmisk og så suggererande at eg vart ganske utmatta medan eg las, seier Sissel Furu- seth ved UiO.

– *Stengd gitar* er ikkje ein så openberr favoritt, men det er ei medrivande oppleving. Romanen har klare Fosse-trekk, og er samstundes ein plot-driven page-turner som ein ikkje vil leggja frå seg, seier Elise Winterthun i Klassekampen.

Stengd gitar er den andre romanen til Fosse, og blir av mange løfta fram som ei av hans beste utgjevingar. Karl Ove Knausgård har til dømes kalla romanen «meisterleg». Romanen er intens i tempo og mørk i tematikk og stemning. Det handlar om Liv som låser seg ute frå leilegheita, medan den eitt år gamle sonen hennar ligg inne på hybelen og græt. Vi følgjer henne gjennom éin dag i livet, men får gjennom tilbakeblikk og glidande overgangar mellom notid og fortid innsikt i livet hennar.

Gjennom romanforma får vi eit innblikk i eit ungt sinn som slit med vonde opplevingar og som slit psykisk. *Stengd gitar* er meir ei oppleving av eit sinn, enn noka tradisjonell fortelling. Det er korleis plottet er fortalt, heller enn plottet i seg sjølv, som er interessant. Med det går assosiasjonane til Hamsuns *Sult* eller Virginia Woolfs *Mrs. Dalloway*. Det er ei stressande og intens leseoppleving som viser kor stort talent Fosse var allereie tidleg i forfatterskapen.

Dei beste dramastykka

– Fosse har ein unik internasjonal posisjon som dramatkar med ei spesiell evne til å formidla meining mellom linene, fortel Sissel Furu- seth, professor i nordisk litteratur ved UiO. Men kva er dei beste dramastykka Fosse har skrive?

I mangel på kjennskap på Skri- varstova, har *Norsk Tidend* høyrte med Hedvig Bergem Søiland. Ho har skrive mastergrad i litteraturvitskap om Jon Fosse og Henrik Ibsen, og jobbar til dagleg som scenekunstprodusent og dramaturg. Ho har svara *Norsk Tidend* om sine fem favorittar over e-post.

1 Nokon kjem til å komme (1996)

Ikonisk Fosse! Det er faktisk det første stykket Fosse skreiv, trass i at det ikkje er det første som blei gjeve ut eller oppført. Stykket er spennande, ubehageleg, sårt og morosamt. Det handlar om eit par som har kjøpt eit gammalt hus langt frå folk. Dei ønskjer å vera «åleine saman», men fortida innhentar dei frå fleire hald. Det kan vera litt vanskeleg å få tak i kva som går føre seg mellom karakterane, for Fosse skapar stor dramatikkk ved hjelp av gjentakingar, store meiningsendringar gjennom små forskyvingar og få ord.

2 Namnet (1995)

Stemninga i dette stykket er veldig spesiell. Vi møter eit par som ventar barn og reiser heim



til familien til kvinna, fordi dei ikkje har ein annan stad å vera. Eit godt portrett av ein stille familie som lever meir rundt kvarandre enn med kvarandre. Stykket tematiserer det å venda tilbake, skapa seg noko nytt eller å leva vidare i det som allereie finst.

3 Skuggar (2007)

Dette er Fosse som lenar seg mot Samuel Beckett! *Skuggar* har ekko av *Medan vi ventar på Godot* og *Krapps siste spole*. Han skapar eit rom der umoglege møte blir moglege, og skuggane av kven karakterane er og var for kvarandre, møtest. Likevel er det noko forsiktig og tilbakehaldent i rommet, og karakterane som veksler mellom å vera glade, redde og å ønskja seg vekk.

4 Eg er vinden (2008)

Klassisk Fosse, og eit stykke som ofte blir spelt både i Noreg og i utlandet. Her får vi vakkert språk og eksistensiell tematikk. Det er ein dialog mellom to menn som handlar om livet, havet og leitinga etter orda som kan skildra og omforma det som allereie har skjedd.

5 Og aldri skal vi skiljast (1994)

Eit litt underleg stykke der dag- draum, håp og handling skilir over i kvarandre. Om å vera åleine blant ting sine og venta på nokon som ikkje kjem. Stykket minner om *Nokon kjem til å komme*, i stilen, men brukar dramaforma på ein litt annleis måte.

– Eg har ofte tilrådd studentane mine å høyra skodespela hans på lydbok, altså som høyr- respel. Radioteateret har laga ei god innspeling av *Nokon kjem til å komme*, mellom anna, som kroppsleggjer Fosses liner slik at djupna i dei verkeleg kjem fram, seier Sissel Furu- seth på e-post til *Norsk Tidend*.

Dersom du ikkje vil lesa sjølv, eller treng noko til bussen, tri- ken, toget eller bilturen, har du velsigning til å høyra drama- stykka til Fosse på lydbok. Ein god opplesar vil få fram musik- ken i prosaen til Fosse, som er sentral for å forstå forfatterska- pen.

Lyrikken

I *Dikt i Samling*, som er utgjeven i 2021, får ein det Fosse har gjeve ut av lyrikk til no i karrieren: heile åtte diktsamlingar på til saman over 400 sider. Dikta hans er jamt over også kritikkaroste.

Dikta hans er korte og konsen- trerte, men likevel fulle i djupne og ettertanke. Dikta tek opp mykje av det same som romanane og dramastykka hans. Det gjer at dei kan vera ein god inngang for mange til Fosse. Fosse seier sjølv om dikta sine: «Det er berre å lesa dei. Anten høyrer ein den tause musikken, elles så gjer ein det ikkje.»



Så kva bør ein starta for å høyra den tause musikken i dikta til Fosse? Vi spurte lyrikkekspertar og lyrikkelskarar om kvar ein bør byrja med lyrikken til Fosse.

Jørgen Magnus Seiersted er professor i nordisk litteratur ved UiB. Han peika ut nokre favorittar: – «eg er ikkje lenger» frå *Nye dikt 1997* er jo kommentert fleire stader og er kanskje det som ligg an til å bli mest kanonisert. Det peikar seg ikkje ut som veldig avansert, men det er stramt og oppsummerer mykje av det som finst i lyrikken til Fosse.

Han trekkjer også fram «Ditt blåe vatn du», «Nattsalme» og «det finst ein kjærleik ingen hugsar» frå *Hund og engel, 1992*. Dersom du plukkar opp *Dikt i samling*, er det altså tilsynelatande desse to diktsamlingane – *Nye dikt 1997* og *Hund og engel* – ein kan byrja med å lesa først.

Seiersted legg til:

– Eg og Frode Helmich Peder- sen (professor i litteratur ved UiB) var samde om at dei to første dikt- samlingane, *Engel med vatn i auge* og *Hund og engel*, er ujamne.

Tron-Petter Aunaas, tidlegare student ved UiB, slår derimot eit slag for den første diktsamlinga til Fosse:

– Det er ei av dei eg har kome mest tilbake til, fortel han.

Eirik Fevang, som er doktor- gradsstipendiat i litteraturvitskap ved UiB, viser til *Poesiar etter Hen- rik Wergeland* som ein av favorittane.

– Wergeland står meg nært, og Fosse er ein svært god lesar av Wergeland.

Seiersted peikar også på *Poe- siar* som ein av favorittane sine.



POESI FRÅ GROTTEN: Jon Fosse er mellom anna busett i Grotten i Slottsparken i Oslo, der den store lyrikaren Henrik Wergeland tidlegare heldt til. Fleire Norsk Tidend har snakka med, meiner dikta til Fosse er undervurderte i forfattarskapen.

Foto: Foto: Katrine Gade

Det må seiast at *Poesiar* nok er for dei spesielt interesserte eller meir erfarne lesarane.

Forfattar Brit Bildøen trekkjer fram *Hundens bevegelsar* frå 1990:

– Eg har alltid likt så godt Jon Fosses blikk på hundar, fortel ho.

Jens Kihl, kulturredaktør i Bergens Tidende, viser til dei tone-sette dikta:

– Start med »Elv på himmelen«! Musikk Sandra Kolstad sette for nokre år sidan musikk til ei rekke av dikta til Jon Fosse. Her syng Ingrid Olava, Sivert Høyem, Ane Brun, Ragnar Hovland og mange andre Fosse-dikt. Det er herleg å høyra lyrikken som pop, balladar og elektronika, og heile stasen finst på Spotify!

Redaktøren av *Norsk Tidend* dristar seg til å avslutta med to personlege favorittar: «dei er som båtar» og «du er så tydeleg» frå *Auge i vind* (2003). Svært vakre dikt som nok vil vera moglege å forstå for dei fleste, og som eignar seg godt til høgtlesing. Sjølv sagt må vi også tilrå omsetjingane Fosse har gjort av Georg Trakl i *Sebastian i draum* og Rainer Maria Rilke sin *Duino-elegiar*. I tillegg til å vera framifrå gjendiktingar, er

dei også store inspirasjonskjelder for Fosse. Fosse kan altså vera ein god introduksjon til andre forfattarskapar også!

Det er garantert noko å lika for dei fleste også blant lyrikken til Fosse.

Essay

Somme har framheva essayistiken til Fosse. Både Sissel Furuseth ved UiO og Heming H. Gujord ved UiB trekkjer fram Fosse som ein sterk essayist.

– Min personlege favoritt må vera det Fosse sjølv har omtala som eit fadermord på Kjartan Fløgstad, seier Gujord.

Han siktar her til bokmeldinga av romanen *U3* frå 1983. Denne kan du finna på trykk i *Frå showing via telling til writing* (1989), som også er å finna i essaysamlinga *Essay* på Samlaget.

– Eg skriv om forholdet mellom Fosse og Fløgstad i boka *Fløgstad verk*, og eg har også snakka med Fløgstad om tilhøvet til Fosse. Dette er sjølv sagt heilt på sida av det som gjev Fosse nobelprisverdi, men tilhøvet mellom Fosse og Fløgstad er interessant fordi det viser fram spennvidda i nynorsk som litteraturspråk. I denne teksten skriv Fosse elles at Fløgstad anno 1983 kunne «drøyme om å få Nobelprisen i litteratur, og

ha eit visst grunnlag for å gjere det». Slikt er jo litt morosamt når vi ser det i bakspegelen.

Sissel Furuseth ved UiO fortel at sjølv om det er romanane og dramatikken ho har jobba mest med som undervisar, var det essayistiken som treffe ho med ein gong ho las det:

– *Frå telling via showing til writing* er nok framleis min Fosse-favoritt. Essayet er både ei pedagogisk samanfating av den episke diktinga si historie og ein personleg poetikk som forklarar kva som ligg bak romanar av typen *Stengd gitar*. Refrenget i essayet er at romanen beveggar seg. Fosse omtalar den postmoderne skrivaren som pusten og pulsen i skrifta. Eg likar essayet fordi det syner at også sakprosa kan vera musikk.

PS:

Jon Fosse har også skrive barnebøker. Her har det ikkje vore enkelt å finna nokon som kunne tilrå noko spesifikt. Men det ryktast at *Hundemanuskripta* er bra for både barn og vaksne. Fosse har også omsett det klassiske verket *Den vesle prinzen*.

“ **Fosse har ein unik internasjonal posisjon som dramatistar med ei spesiell evne til å formidla mening mellom linene.** ”

Sissel Furuseth, professor i nordisk litteratur ved UiO

Tildelinga av Nobels litteraturpris til Jon Fosse bidreg ikkje berre til å styrkje litteraturens stilling og betydning i Skandinavia: Fordi Fosse også er ein skald frå Vestlandet, kan vi håpe på at denne hendinga vil inspirere og galvanisere det lokale litterære fellesskapet. Slik eg les Fosse, skriv forfattarskapet hans Vestlandets ande, historie og kultur, skriv **Eirik Moland Fevang**.

Jon Fosse og den uendelege samtalen



Eirik Moland Fevang (f. 1994) er filosof og litteraturvitar. Han er medredaktør i Røyst og redaksjonsmedlem i Salongen. På nyåret startar han som Phd-stipendiat i litteraturvitskap ved Universitetet i Bergen.

Vestlandets skald

5. oktober 2023 fekk Jon Fosse nobelprisen i litteratur, den fyrste vinnaren av prisen som har skriva på nynorsk. Som ein ihuga lesar av Fosse sidan tenåra, kan eg ikkje vere urørt av denne hendinga. Forfattarskapet til Jon Fosse har fleire gongar blitt samanlikna med Ibsen i popularitet, og etter mi oppfatning er dette vel forrent. Tildelinga av Nobels litteraturpris til Jon Fosse bidreg ikkje berre til å styrkje litteraturens stilling og betydning i Skandinavia: Fordi Fosse også er ein skald frå Vestlandet, kan vi håpe på at denne hendinga vil inspirere og galvanisere det lokale litterære fellesskapet. Slik eg les Fosse, skriv forfattarskapet hans Vestlandets ande, historie og kultur.

Fosse, fødd i Haugesund i 1959 og oppvaksen i Strandebarm i Kvam i Hardanger, har Vestlandets djupe dalar og fjordar i blodet. Som cand.philol. frå Universitetet i Bergen i 1987 og seinare æresdoktor i 2015, er han òg ein representant for litteraturmiljøet i Bergen (der han budde berre nokre meter unna huset der eg sjølv vaks opp). Mange av forteljingane hans gjeng føre seg i Bjørgvin eller eit stykke utanfor, og skiljet mellom by og land har vore eit tema hjå Fosse. Poesien, romanar som *Morgon* og *kveld*, *Trilogien* og *Septo-*

logien er skrivne på eit nynorsk kultivert språk mellom fjordar og fjell her på Vestlandet.

Landskapet og åndslivet på Vestlandet er ikkje for Fosse berre ein fossil kulturarv, samleobjekt i eit museum, men noko som er inkarnert og gjort levande i all diktinga hans. Prosaen til Fosse ber preg av det grå, dunkle og skuggefulle vêret på vestlandskysten. Fosse, til liks med bergensforfattar Erlend O. Nødvedt, er gråvêret, vinteren og regnets diktar. Han er poeten for den mørke årstida, der det vesle ljuset som utgjer den skrivne teksten, flammar åleine i eit stort og uhyggeleg mørkre. Det som ligg ikring teksten, det usagte, dei dunkle steinandleta, hausten og vinterens kadaver, natta, stillheita i skogen, einsemda i Bjørgvin by, er i fokus. Skrifta står i forhold til dette ikkje-tekstlege mørkret, slik sjela står til sin eigen død, som mennesket til alle tings forvitring og utsletting.

Grenslandet

I diktinga til Fosse finst ei lita røyst, eller eit ekko av ei røyst. Ho tek ikkje mykje plass, ho held seg på bakarste benk. Røysta er trist, men òg særst melodisk. Fosses gjentakande naive stil, der dei same orda, dei same tankane, krinsar



VESTLANDSSKALD: – Landskapet og åndslivet på Vestlandet er ikkje for Fosse berre ein fossil kulturarv, samleobjekt i eit museum, men noko som er inkarnert og gjort levande i all diktinga hans. Prosaen til Fosse ber preg av det grå, dunkle og skuggefulle vêret på Vestlandskysten, skriv Eirik Moland Fevang ved Universitetet i Bergen. Han håpar Nobelprisen vil løfte og inspirere litteraturmiljøet lokalt i Bergen, som Fosse sjølv kjem frå.

Foto: Agnete Brun / Samlaget

om seg sjølv, kjem attende med berre små endringar, har mykje til felles med ein diktar og filosof som skreiv for om lag hundre år sidan i Frankrike, Charles Péguy (1897–1914). Som Fosse, var Péguy ein diktar som var politisk inspirert av radikal sosialisme. Og til liks med Fosse var også Péguy gjennom ein periode med agnostisisme, ateisme og einsam vandring, før han konverterte (i Péguy tilfelle attende) til ein katolsk kristendom i siste delen av livet. Begge står soleis i ein anti-kapitalistisk, kristensosialistisk tradisjon som i seg sjølv er verd ein studie. Péguy er i Frankrike kjend for sin naive, nærast barnlege stil, og for ein rytmisk gjentakande prosa og dikting, som kan minne om eit litani. Gjentakninga har ein hypnotisk effekt på lesaren. Det klanglege og rytmiske er sentralt for begge forfatarane, og tekstene deira ber preg av fragmentering, forsvinning, ei slags skjelving, på terskelen til det ukjende. Begge er besette av filosofiske og teologiske motiv, særleg døden, verdas lidning og angsten i møte med det absolutte. Men medan Péguy, til liks med mykje fransk dikting og filosofi, uttrykkjer seg direkte om dei høgare mysteria, og nyttar filosofiske og teologiske uttrykk for å nærme seg dei, er dette ikkje vegen til Fosse. For Fosse, til liks med vestlandskulturen generelt,

er bruk av komplekse filosofiske omgrep for direkte, for «sentraleuropeiske». Fosse, og mykje av den norske litteraturen, kan berre nærme seg røyndomens mysterium *indirekte*. Vi anar heile tida djupet, natta, fjellheimen, døden, men berre i bakgrunnen. Den filosofisk-teologiske «saka sjølv» blir artikulert rett nok stadig meir eksplisitt i den siste delen av *Septologien*, men me misforstår forfattarskapet til Fosse om me særleg vektlegg det omgrepslege nivået i skrifta hans. Viktigare er det å merke seg det liturgiske, dei musikalske, aspekta. Klangen fortel ofte meir enn ordas semantikk. Fosse nyttar ikkje ordet sjølv, men venleik, særleg i rytme og

“ **I diktinga til Fosse finst ei lita røyst, eller eit ekko av ei røyst. Ho tek ikkje mykje plass, ho held seg på bakarste benk. Røysta er trist, men òg sær melodisk.**

form, skil forfattarskapet hans frå mykje av notidas litteratur.

Diktinga hans viser korleis det moderne filosofiske skiljet mellom venleik og sublimitet, til sjuande og sist ikkje held vatn. For orda til Fosse maktar å vere klanglege, vakre og formfullenda, samstundes som dei er grenseoverskridande og fragmenterte. Dette har han til felles med ein annan diktar som fører saman det skjønne og sublime, Henrik Wergeland (1808–1845). Trass i dei danske, til tider labyrintiske setningane til Wergeland, som kan synast å vere strake motsetnadar til Fosse sitt knappe, skaldekvad-aktige nynorsk, har dei to mykje til felles. Wergeland, som Fosse, fører saman det aller største med det aller minste, han fører saman det kosmiske og heilage med det lokale og intime. Dette ser vi mellom anna i Fosses dikt, «Det er skyldskap», utgitt som ein refleksjon over Wergelands «Mig Selv»:

DET ER SKYLDKAP

mellom sjela
og stjernene
lyset frå stjerna
over sjela mi er så roleg
som ei byste
inst der inne
i meg



SOM I EI GRAVERD: Jon Fosse er ein god tolkar av Wergeland, og dei to har fleire likskapar. Dei nyttar begge eit poetisk liturgisk språk: Å lese Fosse er som å lytte til ei tale i ei gravferd, seier Eirik Moland Fevang.

Lytt til dei klanglege elementa: sje – stje – lys – stje – byst. Desse sj- og st-lydane er som å høyre noko slå gneistar. Me ser lysglimt i mørkret, knitring i sjelas bål, knitring frå tusen av leirbål på himmelkvelvingen. Fosse nyttar her nokre få bilete, stjerna, lyset, bysten, henta frå syttande og attande linje i Wergelands dikt. Tvetydigheita i ordet «skyldskap» i staden for «slektskap» peikar mot at slektskapet, samanbindinga, kanskje ikkje berre er noko positivt, men også ei skuld, ein mark som et seg inn i eplet, ei synd. Fosse, i til liks med Wergeland, er på jakt etter «dei heilage lysa». Han finn dei mellom anna skjult i dei dunkle landskapa på Vestlandet: «kva var vel eit fjell / som ingen avgrunn / svartna under». Dei poetiske landskapa trer fram som «forsvinnande draumar» i ein skuggedal. Alle personane, all veren i Fosses språk, er der i korte augeblikk, og forsvinn så i den mørke bakgrunnen, i døden. Alt endeleg flammar raskt opp, gneistrar som små glør, små sjelestjerner, for dermed å slökkje, sovne inn i ei uendeleg natt. Angsten hos Fosse er ikkje stormande og ekspressiv, som han ofte er hjå Wergeland, men stille og isnande, som nysnø som fell frå ei grein i skogen. Men begge diktarane har likevel eit håp om at «ormen i støvet» skal bli transformert. Wergeland tek for seg universets andelege opphav i sitt

teologiske verk *Skabelsen, Menneket og Messias* (1830):

Før Jorden blev i Verden: i Begyndelsen var du hos Gud i Sandheds, i dit Selvs Erkjendelse, saa klar og sand, som om Du var Guds Ord, udtalet om dig Selv: Du er!

og alle Himle svarte: Ja, du er! Du fryded dig blandt Himlens Aander da i Sandhed, Frihed, Kjærlighed:

dit eget Væsen, Aand, din egen Guddom.

Thi Gud, ved sin Alviidsoms Sandhed, Til Sandhed; ved sin Helligheds Og Almagt Frihed, til Frihed; og ved sin Algodheds Kjærlighed til Kjærlighed

fremskabte Alt hvad er; og uden Kime til dette Aandens Liv er intet Liv.

Fosse, til liks med Wergeland, nyttar eit poetisk liturgisk språk for å nærme seg «Aandens Liv» og «Algodhet Kjærlighet» for å vekke i lesaren undring over veren. Fosse utforskar Wergelands «Ja, du er!» gjennom å tolke naturens tagale røyst: «i verda er Guds språk». Han stansar i stille ved heilt elementære ting: «sjå skogen skyva / skyer mot fjell / som blånar fjernt / og er staden / der all lufta / kjem ifrå». Språket i Fosses poesi vert samla inn mot fenomen som markerer grenselandet mellom natur og kultur: eit naust, ein



Er du i beit for julegåve til eit nysgjerrig barn?

Norsk Barneblad er for alle barn mellom 7 og 14 år!

Norsk Barneblad kjem med 11 nummer i året og bladet er fritt for reklame. Faste Innslag er nye norske telkneseriar og aktivitetar som eksperiment, sport og matlaging. Kviss og kryssord. Med Smørbukk på baksida!

Du som er medlem i Noregs Mållag sparer kr 100,-
Din pris kr 599,-

Slik kjøper du Norsk Barneblad som julegåve:

Gå til vår butikk www.barneblad.no

Sjå eige tilbud for medlemmer i Noregs Mållag.

Du finn det under «Abonnement». Hugs ditt medlemsnummer. Ha adressen til barnet klart. Fyll ut skjema og kjøp.

Om det er lettare kan du ringe 21 50 47 14 eller 952 44 561 mellom 09-15. Eller send e-post til post@barneblad.no



EI PERFEKT JULEGÅVE

Barnet får Norsk Barneblad kvar måned i eitt år. I første sending legg vi ved julehefta Tuss & Troll og Smørbukk gratis!

Om du vil ha bladet Juletre og julehefta sende heim til deg, og ikkje til barnet, må du gje beskjed om det på telefon eller e-post. Abonnementet gjeld til du seler det opp.

GJE EIT HEILT ÅR MED GÅVER TIL NYSGJERRIGE BARN!

båt, ein stein, ein sti, ein veg, ei lysning i skogen. Ved grensa mellom det organiske og det uorganiske, mellom livet og «likets milde smil», anar me hjå Fosse, som hjå Wergeland, ei fornying.

Språket til Fosse plasserer tekstane på terskelen til døden, natta. Røystene som talar i dramaa, avslører ei stille lidning. Kjensla av å stå på randen blir skapt av den hypnotiserande repetisjonen av språklege bilete og fokuset på dei minimale, og difor grunnleggjande motiva for menneskeleg attrå, handling, angst og håp. Han trekker oss mot ytterkanten, til avgrunnen, bortanfor lov, bortanfor den moderne verda av komplekse byråkratiske strukturar, til eit nake og sårbart tilvære, der ein dødeleg kropp, ei einsam sjel, langsamt rører seg inn i mørkret mot sin eigen død. Å lese Fosse er som å lytte til ei tale i ei gravferd. Berre dei mest enkle, nærast barnlege tinga vert tala om, kva ho elska, kva ho likte å gjere, familien hennar og venene, katta ho var glad i. Det heile vert skreilt ned til den inste kjernen, det nakne livet. Men denne nakenheita, mennesket redusert til det barnlege (eit motiv Fosse deler med Péguy), er der Fosse finn moglegheita til ein ny gestalt, ei ny verensform som kan transformere kjensla av mørkre og tomheit. Fosse repeterer her ein bibelsk narrativ struktur, der håpet om fornying og transformasjon nettopp ligg i lidinga, krossfestinga og nedstiginga til Hades. Fosse komponerer musikalsk ved å la ein serie gjentakningar sirkle inn mot ei heilag natt der døden sjølv vert forvandla til ei ny moglegheit.

Litteraturens kommunion

Når poeten maktar å tolke naturens stille språk, og i den språklege rørsla inn mot dødens natt, vert tilverets mysterium opna for oss att, og vi kjenner på ny kor underleg og ugripeleg det er at noko i det heile tatt finst. Vi blir klar over røyndomens tynne slør og oppdagar på nytt at tid og rom, dag og natt, lys og mørkre, peiker bortanfor seg sjølv, strøymer ut av ei kjelde der absolutt veren og medvit er eitt. Kva er dette opphavet til alle ting? Er det døden? Kva med tomheita? Eller er det nåden? Hjå Fosse er det vanskeleg å skilje tomheit frå det heilage, veren og inkje gjeng i kvarandre i ein evig dans, ei eksplosiv kraft som på ei og same tid er fullstendig ro. Alle ting vert halde oppe i eksistensen av ein uendeleg kjærleik:

*frå det grønne høge
strekke himmelen seg
mot si jord
og atter møtest jord og himmel
der dei blanke stjerner er dropar
frå himmelens elv
og på botnen er soler*

og alt er kjærleik

For hos Fosse, i møtet med døden og klorens lidingshistorie, er det det vesle lyset, det skrøpelege livet som er i søkelyset, og som vert feira. Ein gnist, ei flamme, ein stille klang, ei messefeiring i vinterkulda.

I våre dystre tider er litteraturprisen til Fosse noko stort vi kan feire. Litteraturens rolle vert styrkte i samfunnet, noko som er viktig fordi demokratisk politikk krev meir enn eit formelt statsapparat og ålmenn røysterett. Fosse sjølv skriv ikkje om dette, men det er mi oppfatning



at demokratisk og sosialistisk deltaking i politiske fellesskap, der kollektiv tenking og handling kan gå føre seg, krev eit mangfald av opne offentlege rom for fri tenking. Desse romma vert opna opp av litteraturen, av den uendelege samtalen som alle i prinsippet tek del i, og som gjer oss til aktive politiske deltakarar i ein

samtale som knyter oss saman i kommunion på tvers av tider og generasjonar. Vi kjenner at også i vår tid, her i Noreg, på Vestlandet, kan det skapast ein visjon om lys i det djupaste mørkret, at vi, ved å ta del i litteraturens kommunion, kan bidra til å transformere sjølv døden til liv. Dette er ein triumf for Vestlandet, for nynorsken og for litteraturen i Noreg.

EIRIK MOLAND FEVANG

“**Språket til Fosse plasserer tekstane på terskelen til døden, natta. Røystene som talar i dramaa, avslører ei stille lidning.**”

1 Fosse, Jon. *Poesiar etter Henrik Wergeland* (Danmark: Samlaget, 2016), 33.

2 Ibid., 44.

3 Ibid., 35.

4 Wergeland, Henrik, *Skabelsen, Mennesket og Messias*, først utgitt 1830 (Oslo: Johs. Warhuus & Co.A.s, 1968), 365-366.

5 Fosse, *Poesiar* (Danmark: Samlaget, 2016), 67.

6 Ibid., 11.

7 Ibid., 70.

Tusen takk! Mellom 15. september og 16. november fekk Noregs Mållag 329 718 kroner i gåve. Gåvene er veldig viktige bidrag til arbeidet vårt for å sikra nynorsken betre vilkår. Vil du gje oss ei gåve, set me stor pris på det. Bruk gjerne giroen som følgjer med avisa, eller vips eit valfritt beløp til 90540. **Takk!**

AUST-AGDER MÅLLAG

Scott Aanby
Anne Brit Dræge
Jon Olav Gryting
Aud Åsen Haugsgjerd
Johannes Havstad
Olav Hoftuft
Knut K. Homme
Gerd Fosse Hovden
John Gustav Johansen
Karl Kråkedal
Ragnar Kaasa
Jorunn Lande
Jon Kolbjørn Lindset
Torleiv K. Løyland
Nils Markset
Rune Nylund
Sigrid Bjørg Ramse
Kåre Rike
Audun Solli
Johannes G. Torstveit
Arne Tronsen
Helge Ove Tveiten
Olav Vehus
Jens Vellene

AUSTMANNALAGET

Olaug Aaberge
Brynjulv Aartun
Syver Berge
Ole Bjerke
Anders Bjørge
Arne Bjørnstad
Else Petra Borkhus
Eldrid Brandvol
Jon Steinar Bredeveien
Ivar Bungum
Ingvild Marie Eknes
Hans Enstad
Tordis Irene Fosse
Anders G. Fretheim
Kristin Fridtun
Randi Therese Garmo
Kjell Gulbrandsen
Olav Haraldseid
Magnhild Harsheim
Gaute Elvesæter Helland
Bjarte Hole
Ola Holen
Helene Strand Johansen
Ola Jonsmoen
Håvard Kleiven
Inger Margrethe Kyllingstad
Grete Langodden
Anders Jan Larsson
Otto Viken Lauvålien
Gunnar Lien
Ruth Solveig Kalbakk
Lillebråten
Asgeir Lilleås
Torgunn Holm Maurset
Anne Midtbø
Asbjørn Myrvang
Øyvind Nordli
Jørgen Norheim
Odd Arne Nustad
Jørgen Nørstegard
Liv Eva Preststulen
Oddvar Romundset
Jørn Rødølen
Kari Røssum
Arne Skuterud
Kjell Sletten
Tor Åge Solberg
Reidar Svare
Reidun Ramse Sørensen
Ola Tronsmoen
Lars Ullgren
Olav Veka
Magne Velure
Live Visdal
Bjarne Øygarden

BUSKERUD MÅLLAG

John-Ragnar Kvam Aarset
Karin Arnesen

Niri Baklid
Tom Ragnar Berg
Herbjørn Brennhovd
Per Drabløs
Karen-Margrethe Erlandsrud
Hans-Ove Grostølen
Sigrid Hjelmen
Bjørg Kari Brattåker Håheim
Frode Kinserdal
Sylfest Laingen
Klaus Lågøyr
Ingunn Asperheim Nestegard
Odd Oleivsgard
Arne Ommedal
Unn Perstølen
Gro Randen
Ola Ruud
Kirsten Skarlund
Kjell Snerte
Arne Oddmund Tuv
Sigurd Tveito
Ragnhild Gudrun Vikesland

FYLKESMÅLLAGET VIKVÆRINGEN

Bergfinn Aabø
Reidar Aasgaard
Ruth Amdahl
Børre Austmann
Jostein Bernhardsen
Anfinn Bernaas
Monica Bjermeland
Erlend Bleie
Reidar Borgstrøm
Kari Hjørdis Brandal
Tormod Bønnes
Trine Dreyer
Harald Dyrkorn
Åsulv Edland
Hans Olav Eggestad
Kirsten Osmo Eriksen
Jon Folkedal
Jon Fosse
Tor Gabrielsen
Tom Kristian Grimsrud
Jarle Grimstad
Jostein Grønset
Oddrun Grønvik
Gunnvald Grønvik
Erik Hardeng
Valgerd Svarstad Haugland
Anna Sigridsdatter Heen
Ola M. Heide
Sigrun Heskestad
Audun Heskestad
Oda Jensen Hjetland
Halldor Hoftun
Kjetil Torgrim Homme
Karin Strand Hovbrender
Joar T. Hovda
Marit Hovdenak
Olav Høgetveit
Tormod Hallstein Høgåsen
Øystein Jetne
Laurits Killingbergtrø
Turid Louise Quamme Kittilsen
Harald Sverdrup Koht
Bård Kolltveit
Dagrun Kvammen
Edvard Lauen
Torhild Leira
Tor Einar Ljønes
Trond Øivindsson Lunde
Birgit Synnøve Lunde
Anders Lunnan
Jon Låte
Norvald Mo
May Johanne Molund
Per Helge Mork
Arnold Mundal
Finn Måge

Johan Nedregård
Øystein Njål Nordang
Åse-Sigrunn Nyland
Torgeir Ose
Sylvi Penne
Alain Egil Adrian Ramdal
Asbjørn Roaldset
Gunnar Rusten
Asbjørg Engebø Rystad
Kari Rysst Seemann
Olav R. Skage
Vegard Skirbekk
Gunnvor Fykse Skirbekk
Synnøve Skjong
Arve Skutliaberg
Sigrid Skålnes
Sigrid Solheim
Anne Storaker
Agnete Strand
Einar Strømmes
Sissel L Sæbø
Anne Joronn Sætre
Jostein Sønnesyn
Liv Ruud Thorstensen
Halvor Tjønn
Hans Tokvam
Øystein Tormodsgard
Steinar Tveitnes
Einar Vannebo
Ivar Vasaasen
Alvhild Venås
Werner Vesterås
Lars Sigurdson Vikør
Åsveig Vindenes
Kjetil Vistad
Jørgen Vogt
Per Ivar Vaagland
Arne Wåge
Johannes Georg Østbø
Kristen Øyen

HORDALAND MÅLLAG

Ivar Bård Aadland
Livar Aksnes
Auhild Aldal
Olaf Almenningen
Solveig Almås
Arne Andersen
Arnfinn Jørgen Ansoke
Leidolv Berge
Arild Berge
Veslemøy Berge
Eli Bergsvik
Kristen Bergsvik
Signe Bergvoll
Ansgar Bjelland
Solveig Bjørsvik
Målfrid Bjånesøy
Oddbjørn Borge
Arne Brattabø
Tor Brattebø
Mona Steiner Brekkan
Elfrid Brekke
Reidar Bremerthun
Endre Otto Brunstad
Jostein Buene
Bjarne Buene
Aud-Sissel Bøe
Vigdis Digernes Dahl
Reidar Dale
Arve Dale
Knut O. Dale
Ingvild Digranes
Kristian Djuvslund
Inge Draugsvoll
Julie Drevdal
Jenny Dugstad
Torbjørn Dyrvik
Randi Engelsen Eide
Ingunn Eitrheim
Eirik Ingolf Eldøy
Reidun Emhjellen
Yngve Endal
Magne Engevik
Sissel Rønnekleiv Eriksen
Øystein Erstad
Jarle Fanebust

Gjertrud Fanebust
Hermund Fenne
Rune Fjeld
Bergit Utne Fjelde
Astrid Anne Fjeldstad
Sverre Fjell
Tormod Folgerø
Berit Ruland Fosse
Harald Frønsdal
Herborg Frøystein
Mathias Furevik
Knut Martin Fylkesnes
Torill Føyen
Jostein Gimmestad
Hans Gjerde
Paul Kåre Gjuvslund
Knut Gramstad
Jostein Grov
Astrid Tove Kjellevold Grov
Solveig Grønlien
Gunnar Hageberg
Øystein Hageberg
Kirsti Handeland
Liv Ruud Handeland
Signe Hannisdal
Anne-Mari Hannisdal
Lars Ove Olafsson Harnes
Stanley Hauge
Åshild Haukås
Nils Helland
Bjarte Helle
Aslak T. Helleve
Knut Johannes Helvik
Jan Kåre Henriksbø
Kåre Herfindal
Robert Hermansen
Britt G. Trefall Hernes
Kjartan Hernes
Marit Hjartaker
Grete Oline Hole
Karl Johan Holmås
Karl Hope
Helge Hopland
Nils Hovdenak
Oddmund Hus
Daniel Hyde
Nils Inge Haaland
Geir Instanes
Johanne Telnes Instanes
Rune Mikkelsen Instebo
Anne Sofie Jensen
Ole-Jørgen Johannessen
Ruth Jørgensen
Ingvild Jøsendal
Randi Jåstad
Sjur K. Jaastad
Olav Kobbeltveit
Ståle Kolbeinson
Anna Aakre Kråkevik
Olaug Kråkevik
Knut Arnold Kvalsvik
Lars Kvamsdal
Magne Kvæven
Atle Kvåle
Ane Landøy
Morten Langeland
Torfinn Langelid
Kari Lien
Torgrim Ljones
Kari Bolette K. Lundal
Marit Merete Lunde
Kjellaug Lundestad
Bjørn Tore Lunestad
Torun Lyssand
Torstein Løning
Frode Mannsåker
Margunn Rydland Melkersen
Solveig H. Michelsen
Hallgeir Mjåtveit
Kristi Yttredal Moe
Leif Bjørn Monsen
Lillian Morvik
Einar Myster
Nils Mæhle
Eldbjørg Møllerup
Johannes A. Måge
Amund Måge
Bjørg Odlaug Måge

Marit Nedreli
Kirsten Neverdal
Arne Olav Nilsen
Øyvind Nitter
Øyvind Per Norang
Vigdis Nordås
Lisbeth Norendal
Egil Nysæter
Sigfrid Rogne Naasen
Ivar K. Olde
Odd Jøran Oldervik
Anfinn Otterå
Kjell Paulsen
Johnny Ottar Pedersen
Svein Ove Ramsdal
Berit Reinsaas
Borgny Reisæter
Wencke Vadseth Rickfelt
Lars Riise
Kari Nitter Melheim Rinde
Gudrun Rosseland
Magnhild Rørtveit
Knut Røyrvik
Liv Sagevik
Inger Marie Saltnes
Mette Samdal
Svein Sande
Solbjørg Åmdal Sandvik
Henrik Sigmund Sandvin
Helge Sandøy
Gunnar Andreas Schei
Heidi Seilfaldet
Inger Sekse
Johannes H Sekse
Mons Ole Dyvik Sellevold
Bjarne Skarestad
Gunvald Skeiseid
Gunnar Skirbekk
Arne Skjervan
Bjarne Skjold
Atle Skorpen
Harald Skorpen
Kari Smith
Asbjørg Solberg
Ragnhild Edith Solvang
Idar Stegane
Gunnhild Steinsland
Arjen L H Stolk
Gerhard Inge Storebø
Nelly Storebø
Sverre Storøy
Jan Gunnar Strand
Turid Strømmen
Edith Stusdal
Rolf Sigmund Sunde
Thea Sunde
Målfrid Sundvor
Åshild Sveinsgjerd
Lars Børge Sæberg
Ingebjørg Dønhaug Sæbø
Anne Sæland
Borgny Særsten
Leif Helge Særsten
Olav Sønnesyn
Øyvind Teigen
Johannes Teigland
Roald Erling Tjore
Bjarte Tolaas
Johan Torekoven
Torgeir Torvik
Bjørn Tøsdal
Anne-Lise Ullebø
Maren Vad
Berit Vaksdal
Terje Gerhard Valen
Brit Valland
Anna K. Valle
Rigmor Nesheim Vaular
Unni Urdal Vedå
Anders T Veland
Randi Vengen
Guri Vesaas
Leiv Vetås
Trond Vikane
Aud Liv Hole Vike
Inger B. Vikøren
Ingebjørg Viste
Agnes Råket Vågslid
Nils Ivar Østerbø

Helga Nygaard Øverland
Solveig Åsvang

KARMSUND MÅLLAG

Einride Aakra
Steinar Aalvik
Gerd Toril Lindevik Arnestad
Torill Aursland
Anne-Ma Eidhammer
Dorthea Sofie Erøy
Grete Fedøy
Norleif Fjeldheim
Lars Kjetil Flesland
Trygve Handeland
Torill Borge Horneland
Lars Inge Jacobsen
Svend Kjetland
Kjell Egil Knutsen
Solveig Lunde
Jorid Myrset
Paul Mølstre
Johannes Ness
Lars Gunnar Oma
Harald Orvedal
Gunlaug Pedersen
Berit Rafdal
Geir Ragnhildstveit
Sigve Arthur Sakseid
Trygve Sandvik
Tor Sigurd Selvåg
Olav Magne Skigelstrand
Bodil Skumsnes
Marit Solheim
Njål Steinsland
Lars Sævereide
Ingebjørg Tordal
Åfrid Valheim

NORDLAND MÅLLAG

Kåre Belsheim
Sigbjørn Bøtun
Kåre Fuglseth
Jan Hana
Olav Holten
Tore Moen
Arne Harald Tøsse
Signe Petrine Åbergjord

NORDMØRE MÅLLAG

Oddveig Olava Marie Øren
Aldal
Jon Kristian Aune
Ola Bræin
Styrkær Brørs
John O. Dønheim
Eivind Hasle
Sverre Hatle
Jon Samuel Håbrekke
Marit Lesund
Oddvar Moen
Line Nedresæter
Henry Opland
Olav Sønnesyn
Øyvind Teigen
Johannes Teigland
Roald Erling Tjore
Bjarte Tolaas
Johan Torekoven
Torgeir Torvik
Bjørn Tøsdal
Anne-Lise Ullebø
Maren Vad
Berit Vaksdal
Terje Gerhard Valen
Brit Valland
Anna K. Valle
Rigmor Nesheim Vaular
Unni Urdal Vedå
Anders T Veland
Randi Vengen
Guri Vesaas
Leiv Vetås
Trond Vikane
Aud Liv Hole Vike
Inger B. Vikøren
Ingebjørg Viste
Agnes Råket Vågslid
Nils Ivar Østerbø

ROGALAND MÅLLAG

Oddveig Kirsten Aam
Gunnleiv Aareskjold
Torstein Aartun
Helge Alfsvåg
Sigmund Andersen
Aslaug Astad
Lars Egil Bakka
Johannes Bakka
Roald Bergsaker
Bjarte Birkeland
Ingebrigt Botnen
Geir Sverre Braut
Jan Egil Byberg
Alf Jan Bysheim
Gerd Helen Bø
Åse Helene Bakkevig
Dagsland
Berit Blikra Egeland

Ellen Einervoll
Kjell Steinar Ervik
Lars Olav Fatland
Åse-Berit Fidjeland
Ingrid Fiskaa
Oddvar Flatabø
Ove Harald Fossen
Per Fremmersvik
Otto Laurits Fuglestad
Berit Fuglestad
Ingrid Gjesdal
Endre Gjøil
Rune Gramstad
Sigve Gramstad
Egil Harald Grude
Ranveig Gudmestad
Vigdís Gullberg
Bjørn Jarmund Harestad
Liv Hauge
Inge Haugland
Sverre Haver
Erik N. Havrevoll
Astrid Heigre
Halvard Helseth
Jan Johansen Hempel
Tom Hetland
Rasmus Hidle
Arna Høyland
Solbjørg Østerhus Håland
Odd Arne Jakobsen
Anne Martha Kalhovde
Sigrid Kjetilstad
Anne Margrethe Kolnes
Tore O. Koppang
Nils Ingvar Korsvoll
Elseber Kronstad
Reidar Kydland
Jon Laland
Hallgeir Langeland
Magnhild Lid
Arne Lynghjem
Leif-Inge Misje
Reidar Nesheim
Svanhild Olianna Nessa
Lise Lunde Nilsen
Anita Nordmark
Odd Magne Nordmark
Pernille Nylehn
Tone Obrestad
Ingvar Olimstad
Inger Skretting Opstad
Åshild Osaland
Gina Osaland
Marit Osland
Esther Ndayizeye Phillibert
Siri Ramsnes
Åse Helene Ravndal
Oddbjørn Reime
Torleiv Robberstad
Audun Rosland
Magne A. Roth
Liv Rysstad
Atle Røe
Dagrun Røgenes
Torhild L. Rørheim
Frode Sandve
Irene Sel
Jostein Selvåg
Benjamin Skarås
Marta Skjerpe
Martin Skrettingland
Kåre Skår
Wenche I. Sola
Tom Soma
Hans Spilde
Audun Steinnes
Inga Stokka
Inge Kristian Sunde
Odd Sigmund Sunnanå
Erling Arnold Tønseth
Svela
Brit Harstad Sværen
Einar Sæland
Dagfrid Søyland
Svein Kåreson Søyland
Liv-Sigrd Taylor
Erling Thu
Oddrun Tjeltveit
Ingvald Tjeltland
Kurt Tunheim
Aslaug Marie Undheim
Jone Vadla
Ottar Vandvik
Astrid Apalset Vassbø
Arve Vedvik
Audun Vevatne
Alv Hermann Vistnes
Atle Ingar Vold

Viggo Østebø
Sigvart Østrem
Tone Årtun

ROMSDAL MÅLLAG
Ingar Aas
Dagrun Gjelsvik Austigard
Henning Austigard
Harald Baldersheim
Asbjørg Baldersheim
Liv Annbjørg Eidhamar
John Ekroll
Per Bjørn Ellingseter
Jorunn Hjelle
Kåre Magne Holsbøvåg
Liv Jordal Tangeen
Arnild Digernes Krøvel
Harald Krøvel
Tor Kvadshem
Oddbjørn Pedersen
Per Arne Skomsø
Svein Karsten Solbjørg
Oddmund Svarteberg
Kathrin Villa
Øystein Øye
Roald Øygard

SOGN OG FJORDANE MÅLLAG
Vemund Aartun
Venke Bakken
Eiliv Berdal
Olaug Marie Bjelde
Asgeir Bjørdal
Reidulf Bjørlo
Gunhild Børtnes
Gyda Bøtun
Nils Distad
Tryggve Dyrvik
Tor W. Eikemo
Gjertrud Eikevik
Kjell Erik Eldegard
Brynild Eri
Dag-Erik Eriksmoen
Ingebjørg Erikstad
Ståle Fitje
Johannes Flaten
Sverre N. Folkestad
Edny Fosshem
Jan Martin Frisliid
Ellen Frøyen
Rigmor Frøyen
Siri Bente Fuhr
Ottar Færoyvik
Asbjørn Geithus
Håkon S. Giil
Arne Gjeraker
Marie Godø
Dagfrid Grepstad
Olav Grov
Hilde Yndestad Halland
Oddlaug Hammer
Audun Hammer
Hans Haugen
Kristi Haugsgjerd
Bjarne Havro
Laila Hellem
Astrid Jorunn Henden
Helga Hjetland
Thor Hjornevik
Oddmund Løkensgard
Hoel
Elin Pertine Brekke Hop
Ragnar Hove
Liv Husabø
Nils Husabø
Målfrid Husnes
Knut Andreas Hågvar
Martha Systad Iden
Ingunn Kandal
Lars Kjøde
Ola Kjørstad
Torhild Solheim Klæveld
Ola Kongsvik
Kirsten Gram Kristiansen
Aage Kvendseth
Gerd Kvile
Hildegunn Kvistad
Liv Janne Kvåle
Bjarne Kaarstad
Øystein Lavik
Magnar Ljosne
Jon Ove Lomheim
Rune Lotsberg
Vidar Lægred
Jan Helge Løvik
Terje Erik Moe
Knut Moen

Ragnhild Skogen Molde
Maryan Georgsdotter
Mundal
Knut Ole Myren
Olav Nedrebø
Julie Kristine Ness
Gunnvor Ness
Astrid Marie Nistad
Odd Njøs
Stein Bugge Næss
Per Scott Olsen
Signe Olaug Pedersen
Oddbjørn Ramstad
Tordis Randmo
Sæmund Kjetil Rindal
Jostein Risa
Henning Leiv Rivedal
Bergljot Konglevoll
Rysjedal
Signe Marie Rønnekleiv
Lise Rønnestad
Bjørn Rørtveit
Audun Åge Røys
Margot Sande
Marta Kari Schawlan
Anders Skarestad
Synneva Kolle Solheim
Kirsti Solheim Stegane
Henrik Stokkenes
Irene Stokker
Ida Marie Strand
Magn Jarl Stubhaug
Karsten F. Sunde
Sigrid Svartefoss
Jorunn Systad
Gunnhild Systad
Ståle Sørbotten
Ivar Jostein Tjugum
Torbjørn Tuften
Anne Grethe Tveit
Jorunn Veseth
Lars Øyvind Vikesland
Oddhild A. Voll
Liv Østrem
Magni Øvrebotten
Vidar Åm

SUNNMØRE MÅLLAG
Inger Aarflot
Ottar Aashamar
Kristian Almås
Margrethe Bjørkavåg
Bakke
Idun Schawlan Barsnes
Laila Bastesen
Eigil Bele
Ingunn Bergem
Liv Bersås
Torunn Bildøy
Elisabeth Birkeland
Berit Bjørlo
Sverre Bjåstad
Kjartan Bleie
Ingval Bortne
Ole Arild Bø
Kari Elisabet Løvoll Dalhus
Norunn Margrethe Dimmen
Steinar Dimmen
Atle Døssland
Marit Veiberg Eide
Kaspar Inge Eide
Heidi Fagna
Knut Falk
Ann Britt Våge Fannemel
Aud Farstad
Jørund Fet
Magnar Furset
Sølvi Nordis Garseth
Andre Gjerde
Tore Gjære
Arne G. Grimstad
Arnliot Grimstad
Norunn Hagen
Severin Haugen
Jorunn H. Henriksen
Hans Gisle Holstad
Astri Hunnes
Reidun Hunnes
Ingrid Runde Huus
Jakob O. Kjersem
Terje Kjøde
Stein Olav Kvalø
Marit Kvammen
Elias Kvangardsnes
Einar Landmark
Odd Larsen

Arne Lerheim
Haldor Lillebø
Hallstein Ljoså
Askjell Molvær
Erling Oskar Nykrem
Trine Naadland
Lars Omenås
Bjørnar Osnes
John Osnes
Britt Oterholm
Johan Ottesen
Vidar Parr
Peter Paulsen
Gunder Runde
Olga Støylen Runde
Anni Selma Rusten
Tor Henrik Ryste
Tor Henrik Ryste
Mariann Scheide
Else Synnøve Skarbø
Jarle Solheim
Endre Standal
Linbjørg Bjørkavåg Sunde
Geir Steinar Tandstad
Brit Gjerde Tandstad
Asbjørn Tryggstad
Solveig Ulstein
Randi Flem Ulvestad
Anne Elisabet Ose Velle
Jorun Våge Vestnes
Åse Irene Vestre
Eldrid Vik
Sveinung Walseth
Fredmøy Solny Wollen
Knut Ytterdal
Øyvind Østvik

TELEMARK MÅLLAG
Audun Aasmundtveit
Sveinung Astad
Lars Bjaadal
Halgeir Brekke
Tjostov Gunne Djuve
Lar Rune Djuve
Olav Felland
Gunlaug Fjellstad
Kari Hjordis Fløtre
Sigrd Fonnliid
Jon Funner
Anne Karin Funner
Oscar Johan Garnes
Hans Magne Gautefall
Asbjørn Nes Hansen
Kristian Ihle Hanto
Knut T. Haugen
Ragnhild Hovda
Øystein Høgetveit
Hallgrim Høydal
Margit Ims
Jon Ingebretsen
Halvard Jansen
Anne Tvedte Johannessen
Bjarne Jordstøyl
Arne-Birger Knapskog
Tove Kvaale
Kjetil Langåsdaalen
Ana Isabel Taylor Lopez
Tove Løyland
Aud Manheim
Sigrun Garvik Moen
Olav Mosdøl
Jakob Olimstad
Inger Helene Olsnes
Kari Rustberggård
Anne Ingebjørg Ruth
Børre Rønningen
Per Skaugset
Olav Solberg
Margit Ryan Steen
Alv Halvor Straumstøyl
Einar Leiv Søreide
Olav Teigland
Olav Tho
Anne Elise Thorvaldsen
Torkjell Tjønn
Alf Torbjørn Tveit
Kari Tveit
Margit Verpe
Einar Versto
Hans Ødegård
Nils Østensen
Halvor Øygarden
Gerd Kari Årdalen

TROMS OG FINNMARK MÅLLAG
Nils Aarsæther
Bente Benjaminsen
Per K. Bjørklund

Terje Christoffersen
Terje B. Dahl
Sveinung Eikeland
Bjarne Eilertsen
Karl Ragnar Engstad
Torgeir Engstad
Kjell Heggelund
Olav Gaute Hellesø
Olaug Husabø
Kjellaug Jetne
Bjørn Berge Kristiansen
Astrid Kvangarsnes
Ellen Skjold Kvåle
Marianne Langånes
Erik Lemika
Tyra V. Mannsverk
Ola Melby
Oddrun Molvik
Valborg Myklebust
Torny Nikolaisen
Ole Edgar Nilssen
Gerd Sivertsen Prestegard
Guro Reisaeter
Ingrid Russøy
Guri Skeie
Sunniva Skålnes
Per-Arne Slettmo
Anne Marta Steinnes
Karin Vrålstad

TRØNDERLAGET
Reidar Almås
Egil Ingvar Aune
Håvard Avelsgaard
Kjell Bardal
Ivar Berg
Arne Bjørdalsbakke
Arvid Bjørgum
Karl-Ove Bjørnstad
Mathias Bruheim
Olaug Denstadli
Tore Fagerhaug
Svein Arild Fjeldvær
Asbjørn Folkvord
Kristian Johan Fosshem
Arne A. Frisvoll
Ingebrigt Garberg
Anders Gjelsvik
Jon Grønliid
Eina Hermann
Kjellrun Hersund
Andrea Hjelde
Astrid Hoem
Knut Holmen
Ola Huke
Sigrid Haavik
Inger Sandvik Jarstein
Åke Junge
Svein Jorum
Marte Elise Kristoffersen
Olav Kuvås
Per Knut Kvande
Kirsti Årøen Lein
Borghild Kristin Lomundal
Bjørn Lund
Lars Kolbjørn Moa
Håvard Moe
Magne Måge
Ingrun Norum
Idar Næss
Aud Okkenhaug
Solveig Otlo
Herman Ranes
Olaug Reitås
Kristian Risan
Helge Rypdal
Einar Rædergård
Rutt Olden Skauge
Oddny Pauline Skeide
Åsmund Snøfugl
Odd Sigmund Staverløkk
Arnt Stavseth
Eiliv Størdal
Roald Sund
Per Johan Sæterbakk
Svein Bertil Sæther
Sverre Sævareid
Jan Sørås
Torbjørn Tranmæl
Espen Tørset
Kristoffer Uppheim
Johan Vestrum
Harald Vik-Mo
Jan Erik Vold
Ann-Merethe Voldsund
Audhild Vorum
Liv Skogset Værdal

Bjørn Weie
Yngve Øye

VALDRES MÅLLAG
Gunnar Belsheim
Bjørn Berge
Gunnar Breivik
Kristine Brenden
Olav Gullik Bø
Inger Solveig Bø
Reidun Espeseth
Margit Fuglehaug
Ove Haugen
Ingunn Hommedal
Bjørn Vegard Johnsen
Inger Torun Klosbøle
Bjørn Lerhol
Anders Lunde
Torodd Lybeck
Margunn Søyland Nesbakken
Nils Rogn
Nils Petter Røed
Ragnhild Solberg
Marit Eltun Svendsen
Per Gunnar Veltun
Kari Bø Wangensteen
Magnor Wigdel
Berit Matre Ødegaard

VEST-AGDER MÅLLAG
Tove Berulvson
Roger Dyrøy
Anne-Berit Erfjord
Betsy Folkvord
Randi Lohndal Frestad
Vigleik Frigstad
Tone Gautefall
Ole Steffen Gusdal
Berit Fiskaa Haugjord
Magne Heie
Kjell Erling Håland
Olav Torgny Hårtveit
Gudrun Haugen Håvorsen
Oddvar Jakobsen
Kirsti Lavold
Solveig Stallemo Lima
Målfrid Lindeland
Sylfest Lomheim
Håkon Bøye Prestegård
Nils Salvigsen
Birgit Stallemo
Asbjørn Stallemo
Eva Haugen Sørgaard
Vidar Toreid
Leiv Torstveit
Bjørn Vestrheim
Gunnar Vollen
Ivar Åmlid

ØSTFOLD MÅLLAG
Kjetil Aasen
Asgeir Bjørkedal
Geir Tore Holm
Per Thorvald Larsen
Jan T. Pharo

YRKESMÅLLAG
Kjellfrid Bøthun
Morten Elster
Elise Sundfør Erdal
Kristian Hagestad
Sissel Hole
Rønnaug Kattem
Kjell Harald Lunde
Arne Exner Nakling
Borge Otterlei
Haldor Slettebø
Lars Helge Sørheim
Harald Thune
Turid J. Thune
Sigrid Tyssen
Birger Valen
Bodvar Vandvik
Olav Vesaas
Vidar Ystad

BEINVEGES INNMELEDE
Knut Følstad
Egil Andreas Helstad
Johannes Hjønevåg
Kjellaug Larsen
Elin Halsen Mevassvik
Åse Floa Steinrud
Gro Einrem Volseth

■ **kviss** • Audun Skjervøy

- 1 Kva heiter debutboka til Jon Fosse?
- 2 Kva er tittelen på Fosses første skodespel?
- 3 I 1986 gav han ut den første diktsamlinga – kva er tittelen?
- 4 Har ein islandsk forfattar nokon gong fått nobelprisen i litteratur?
- 5 Kva år gjekk nobelprisen i litteratur sist til ein nordisk forfattar?
- 6 Kva heiter dei tre vestsamiske dialektane som er levande i Noreg i dag?
- 7 Kva folkegruppe bruker språket romani?
- 8 Den heilage Sunniva gøymde seg på ei øy i Sildegapet. Kva heiter øya?
- 9 Når fekk kvinner for første gong konkurrere i langrenn i OL?
- 10 Kva heiter det høgaste fjellet i Noreg utanom Jotunheimen?
- 11 Kor mange bønder av kvar farge er det på eit sjakkbrett (når spelet tek til)?
- 12 Ein norsk komponist mista store delar av produksjonen sin da bustadhuset vart råka av brann. Kven er det?
- 13 Kva fotballspelar har gjennom tidene spelt flest landskampar for Noreg?
- 14 Kva dyr var det første som blei skapt, ifølgje åsatrua?
- 15 Kva fire stadium går sommarfuglane gjennom i livssyklusen?
- 16 Kva er ei samlenemning på planetar som det blir oppdaga fleire og fleire av, rundt andre stjerner enn sola?
- 17 Kva teikneserie forbind du med namna Albert Uderzo og René Goscinny?
- 18 Nyleg vart ferjeselskapet Fjord1 selt ut av landet. Kva selskap var opphav til Fjord1?
- 19 Kva parti representerer Israels statsminister Benjamin Netanyahu?
- 20 Korleis senkar svenskane ein norsk ubåt?

- 20 Dei dukkar ned og bankar på.
- 19 Likud
- 18 Fylkesbåtane i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal Fylkesbåtar
- 17 Asterix
- 16 Eksploanetar / ekstrasolære planetar
- 15 Egg-larve-pupp-vaksen (imago)
- 14 Kua Audhumbla
- 13 John Arne Riise
- 12 Gerrit Tveitt
- 11 Atte
- 10 Snøhetta i Dovrefjell
- 9 I 1952
- 8 Selja
- 7 Romanifolket – som tidlegare blei kalla tatarar
- 6 Nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk
- 5 I 2011, til Tomas Tranströmer
- 4 Ja, Halldór Kiljan Laxness i 1955
- 3 Engel med vatn i augene
- 2 Og aldri skal vi skiljast
- 1 Raudt, svart

Ny direktør i Nynorsk kultursentrum

Den nye direktøren for Nynorsk kultursentrum har blitt tilsett. Olav Øyehaug Opsvik tek over stillinga i slutten av månaden.

■ På eit styremøte 1. november vart den nye direktøren for Nynorsk kultursentrum presentert.

Olav Øyehaug Opsvik (33) vart den utvalde av til saman seks søkarar, skriv Nynorsk kultursentrum i ei pressemelding.

Øyehaug Opsvik har mastergrad i musikkvitenskap frå Universitetet i Oslo og noko utdanning i administrasjon og leiing frå Noregs musikkhøgskole.

Han kjem frå stillinga som forskings- og samlingsleiar i Nynorsk kultursentrum og har tidlegare erfaring som arenaleiar i Aasantunet og programansvarleg for kulturprogram og festspel. Øyehaug Opsvik er difor ikkje ukjend med arbeidet til Nynorsk kultursentrum.

Ifølgje styreleiar i Nynorsk kultursentrum, Reidar Sandal, er styret godt nøgd med å få Øyehaug Opsvik som direktør.

– Vi har god tru på at han vil vere ein samlande leiar som evnar å profilere Nynorsk kultursentrum på ein offensiv måte, seier Sandal.

Øyehaug Opsvik tek over stillinga 27. november.



NYNORSKDIREKTØR: Olav Øyehaug Opsvik er tilsett som direktør for Nynorsk kultursentrum. Han kjem frå stillinga som forskings- og samlingsleiar.

Den katolsk bibelen gjeven ut på norsk

For første gong får Den katolske kyrkje bibelen sin på norsk. Bibelselskapets generalsekretær erkjenner at det burde skjedd tidlegare.

■ Dette er den første norske bibelutgåva der skriftene står i tradisjonell katolsk rekkjefølgje

og følgjer katolsk kanon, skriv Vårt Land.

– Dette er historisk, både med tanke på språkhistoria og det felleskristelege arbeidet. Det er litt trist at det har teke Bibelselskapet så lang tid å gi ut denne, seier generalsekretær i Bibelselskapet Øyvind Haraldseid i ei pressemelding.

Den katolske kyrkja har dei siste åra brukt Bibelselskapets 2011-utgåve, altså ein protestantisk versjon av Bibelen.

– Vi gler oss svært over dette, uttaler biskop i Oslo katolske bispedømme Bernt Eidsvig.

Den katolske bibelen skal givast ut både på bokmål og nynorsk.

Oslo Science City har fått norsk namn

Kunnskapsbyen i Oslo blir det nye namnet på innovasjonsdistriktet Oslo Science City.

■ I august 2020 opna Oslo Science City offisielt som innovasjonsdistrikt - det området i Oslo som har tettast førekomst av kunnskapsinstitusjonar.

Men det kom raskt kritikk på det engelske namnet. Ein av dei sterkaste kritikarane var Åse Wetås, administrerande direktør for Språkrådet.

No er ho høyrst. Administrerande direktør Christine Wergeland Sørbye fortel til Uniforum at det nye norske namnet blir Kunnskapsbyen.

– Eg trur det er eit namn som alle vil synast er fint. For det er jo kunnskap som er sjølve gullet vårt, og som er heile substansen i alt det vi gjer. Eg trur det vil fungera godt, seier Christine Wergeland Sørbye til Uniforum.



Tørr hud?



Optima pH4 Hudvask pluss

- gjer at huda di tåler
hyppig vask utan å tørke ut

- unik kombinasjon av eddik, alginat og mjukgjerdande ingrediensar
- mild og pleiande
- førebygger hudplager, styrker syrekappa og bevarer den gode bakteriefloraen

**Kombiner pH4 Hudvask pluss med
pH4 Hudpleie pluss/Hudbalsam**
for best effekt. Påfør etter vask
eller ved behov.

Ut看 parfyme. Låg pH.



Fotpleie med pH4

- som tiltak og førebygging mot hudplager
- for å styrke huda sin fornyingsprosess
- for at sår skal gro



Scan for
meir
produktinfo



Eit reisebrev frå Gudbrandsdalen

Kvart år legg Noregs Mållag ut på den store **Nynorskstafetten**, og pakkar med seg ein målungdom i skreppa for litt selskap på den lange vegen.

■ Dette året gjekk reisa til Gudbrandsdalen, før vi kryssa fylkesgrensa over til den sørlege delen av Trøndelag, for så å avslutta med tredje og siste veke rundt om i Nordmøre.

Eg, Synne, var den heldige utvalde som vart peikt ut av Peders disipular til å vera med i den fullpakka stafettbilen gjennom Gudbrandsdalen og sparke i gong årets stafett! Grunnane til dette valet var sikkert mange, men eit skil seg openbert ut; eg er vaskekte gudbrandsdøl langt inn i beinmergen.

Heimleg stafettstart

Sundag pakka Gro og Per Henning den kvite kassa av ein stafettbil full av tilfang og anna gøy som kommunane, skulane og biblioteka gjennom dalen skulle få, og la seg ut på vegen for å møte meg i Gudbrandsdalen. Måndag morgon satt tre tente ljós ved frukostbordet på Lysaker Gård; eg, Gro og Per Henning var klare for å ta Gudbrandsdalen med storm! I løpet av måndag og tysdag fór vi over kommunegrensene mellom to av midtdalskommunane Sør-Fron og Nord-Fron for å besøke både kommune, ungdomsråd, barneskular, ungdomsskular og vidaregåande.

Tysdag ettermiddag arrangerte Fron Målungdom til møte på Vinstra vidaregåande skule, der ein gjeng ungdommar møtte opp for å ete pizza, løyse kviss og ha det «luggumt ilag». Dit kom også Even Lusæter, journalist hjå NRK. Han tok ein prat både med meg og ungdommane om heile saka og ferda vår, og vart også med vidare nord-



Frå venstre: Gro Morken Endresen (NM), Synne Solberg (NMU), Svein Olav Langåker (LNK) og Kari Anne Skjaak (kommunalsjef for oppvekst og utdanning i Skjåk)

over til Vågå og møte med Mållaget Ivar Kleiven, det einaste mållaget kalla opp att etter ein person! Frå der vart det direktesending med dagleg leiar Gro, og innslag frå møtet til Fron Målungdom.

Dramatikk og dyktigheit

Dei tre siste dagane brukte vi i Nord-Gudbrandsdalen. På veg til møte med Vågå kommune onsdag morgon møtte vi på noko som skulle setta djupe spor i alle sine sinn. Det hadde nemleg gått eit ras i vegen mellom overnattingsstaden vår Lom og destinasjonen vår. Ein stor stein på størrelse med ein Mini hadde lausna frå fjellveggen og tatt seg ned over skrånninga i ein horribel fart! Heldigvis hadde ingen vore i vegen for steinen si reise, og det var berre autovernet som fekk testa seg godt denne dagen. Eg og Per Henning skåla ein

ekstra gong for livet den kvelden under ein heidundrande biffmiddag laga av Gro.

Dagane i Norddalen vart brukt over å gleda oss over dei tre flinke nynorsk kommunane som held til der. Vi var innoom nydelege bibliotek, blant anna Lom folkebibliotek, eit Nynorsk Pilotbibliotek. Du er sjeldan innoom Lom utan å få god bakst, og det er ikkje berre det lokale bakeriet som har mykje å tilby, for biblioteket har eigen kafé! Det var altså god oppvarming på både bøk og bakst.

Mållaget reiste vidare til Lesja og Dovre torsdagskvelden, og forlét meg i Lom. Fredag hadde eg nemleg dei siste målferdene mine for den vidaregåande skulen i Lom. Etter tre hyggelege målferder vende eg snuta heimatt til Harpefoss med nytt nynorsk-mot!

– Norsk Målungdom er og kjem alltid til å vere ei sterk kraft i det norske politiske ordskiftet. Eg ynskjer å vere ein tilretteleggjar for å auke aktivitet og auke synlegheit. I tillegg trer eg inn i rolla som Bladstyrar for Motmæle, og satsar på å halde fram det gode arbeidet med medlemsbladet.

Ny tilsett i Norsk Målungdom

I november starta Dordi Lerum i jobb som ny kontormedarbeidar i Norsk Målungdom. Ho er 21 år gamal og er frå Tingvoll og Luster, og kjem frå jobben som praktikant i Senterpartiet si Stortingsgruppe. Tidlegare har ho sitte i både landsstyret og sentralstyret i Norsk Målungdom, og har brei kjennskap til organisasjonen. Ho gler seg til å ta fatt på arbeidet:

■ leiarspalta



SYNNE SOLBERG
Nestleiar i Norsk Målungdom

Nynorskrørsla treng frivilligheita!

■ Frå dagane nynorskfolket fann ut at vi skulle organisere oss, har frivilligheit og samarbeid vore viktige faktorar i kampen for saka vår. I ein hektisk kvardag er desse verdiane som skapar samhald, enda viktigare enn før. Same om vi er nye i språkrørsla som 16-åringar, er eldre travarar som var med å laga bokbål eller var på landsmøtet der Norsk Målungdom vart stifta, kjennar vi eit tilhøyr når diskusjonen om språk kjem opp rundt oss. Vi kjempar for same sak, og vi står i alt som kjem mot oss saman!

■ Eg fekk vera med ei veke på nynorskstafetten saman med Noregs Mållag i oktober. Da reiste vi blant anna gjennom mine heimtrakter, Gudbrandsdalen, ei reise som fekk meg til å tenkje. Norsk Målungdom har eitt lokallag i Gudbrandsdalen: Fron Målungdom. Dette er ein gjeng på Vinstra som samlast og har det morosamt saman, akkurat slik det skal vera å drive lokallag i Norsk Målungdom! I samtale med lokallaga under Noregs Mållag høyrte eg saknet etter fleire yngre som engasjerer seg for språk rundt om i kommunane. Dette er ikkje berre spesielt for laga i Gudbrandsdalen, men også for andre lokallag rundt om i landet.

■ For å skipa til lag, og drive dei vidare, trengst det ivrige og framoverlente menneske. Vi treng folk som står på, sjølv om verda buttar litt i mot, og som passsar på at arbeidet er mogleg å føra vidare.

■ For oss i Norsk Målungdom er den største fienden vår i lokallagsdrift utskifting av folk. Vi har ikkje berre studentar som anten er mange år på ein stad eller byter by kvart år, men vi har også enda yngre folk. Ungdomslaga våre har ofte medlemmar i 15–18-års alderen, som forsvinn frå skulekrinsen sin etter tre år. Dette skapar ein risiko for at vi mistar kontakt med lokallag, fordi leiarar blir ferdige på skulen og reiser vidare utan å delegere ansvaret.

■ Ei løysing for dette er tette samarbeid mellom ungdomsmållaga og dei vaksne mållaga! Vi må stå saman i frivilligheita og samarbeidet. Dette er ikkje berre gunstig for å halde lokallaga i live og sikre at ungdommane blir kjent med sitt framtidige lokallag, men også ein måte for oss å stifte nye lokallag på!

■ Eg håpar at ditt lokallag ber det lokale ungdomslaget neste gong de skal ha tilskipping. Vi er alle saman i same, store nynorskbåt, og vi blir sterkare saman. Kanskje blir også de bedd til ungdomslaget sitt møte? Dei har ofte pizza, brus og framifrå god stemning!

15 år som redaktør for Jul i Trøndelag

– Det har langt på veg vore min veg inn i mål-rørsla, fortel redaktør **Espen Tørset**.

VEMUND N. KNUDSEN
vemund.knudsen@nm.no

■ For 15 år sidan blei Espen Tørset oppringt av Ola Stemshaug (1936–2013), som var språkforskar og førsteamanuensis ved NTNU. Stemshaug og styret i Trønderlaget trong nokon til å ta over som redaktør for Jul i Trøndelag etter Annbjørg Grevskott frå Levanger.

– Eg takka ja og har aldri angra. Eg har blitt kjent med heile «nynorskfamilien» i Trøndelag sidan den gong.

Espen blei redaktør for sitt første Jul i Trøndelag i 2009. Då var han i sin spede start som nynorskbrukar og målmann. Han hadde byrja som lektor ved Orkdal vidaregåande skole to år tidlegare.

– Har du noko du er særleg stolt av i dei 15 åra som redaktør?

– Ja! Eg synest det er særleg artig og kult at vi har hatt med Erlend Skjetne på ein del blad. Han har brukt Jul i Trøndelag som ein arena der han har prøvd seg fram og blitt eit namn, og no er han jo forfattar på Flamme forlag! Fleire av tekstane han har gjeve ut, har stått på trykk hjå oss først.

På spørsmål om kva han likar best med Jul i Trøndelag, fortel han at han held vekslinga mellom proffe forfattarar og heilt vanlege lokale i Trøndelag som skriv.

– Dei legg alle mykje ære og arbeid i det dei skriv, og er kry over at dei får skrive eit bidrag, fortel Espen.

– I tillegg blir eg kjent med så mange fine folk!

Populært og godt blad

Jul i Trøndelag er blant dei mest selde juleblada i Trøndelag. «Alle» forlag og kunstnarar vil ha eigne julehefte og spesielle juleutgåver av kjende og kjære titlar, og Espen fortel det særleg har vore ein stor auke i julehefte sidan han tok over som redaktør.

– Jul i Trøndelag er eit kjend namn som held høg kvalitet på innhaldet. Når ein av «konkurrentane» er Juleroser, som har stort budsjett, turné og heile pakka, synest eg det er ganske bra med om lag 2000 sal i året. Det talet har halde seg ganske stabilt.



15 ÅR I ROLLA: Espen Tørset har vore redaktør i 15 år, og har framleis ikkje planar om å gi seg. Her er han med siste utgåve av bladet, som er ute no.

Jul i Trøndelag

- Det er Trønderlaget som er utgjevar
- Første blad kom i 1935
- Om lag halvparten av dei 2000 blada som blir selde, er av bokhandlarar, resten av lokallag i Trøndelag og einskildmedlemer
- Bladet blir prenta av Fonna Forlag

Espen Tørset

- Fødd i 1979, bur på Fannrem i Orkland
- Norskilektor ved Orkdal vidaregåande skole
- Er leiar av Trønderlaget og sit i styret i Noregs Mållag
- Har vore redaktør for 15 utgåver av Jul i Trøndelag sidan 2009.

I Jul i Trøndelag kan ein finne skjønnlitteratur, sakprosa og lyrikk. I tillegg er det teikneseriar og intervju, så vel som eit trønderkryssord og kviss!

– Kva synest du er det beste de trykkjer?

– Vi har ein fin variasjon i innhaldet og grei aldersspreiing. Eg synest det er stilig at vi både i fjor og i år har fått originale teikneseriar frå Kenneth Larsen, han som lagar «Bestis». Eg vil også trekkje fram Ingrid Storholmen frå Verdalen. Ho har gjeve ut ei rekkje romanar og diktsamlingar, men bidreg likevel med nyskrivne tekstar for oss. Ho har vore bidragsytar i alle dei åra eg har vore redaktør!

Nynorsk blad

Jul i Trøndelag er for det meste på nynorsk, innimellom gjerne på dialekt. Innhaldet skal på eit eller anna vis handle om, spegle, eller

i det minste ha ei tilknytning til Trøndelag – logisk nok.

– Vi har aldri fått negative kommentarar på at bladet er på nynorsk, fortel Espen

– Det hender vi får inn bidrag på bokmål som vi har omsett. Det er også heilt uproblematisk.

Men Espen kan fortelje at det faktisk har kome klagar på bladet.

– Eg gav ein gong ein munnleg beskjed til trykkeriet om å skrive inn noko i bladet, rett før det skulle trykkast. Då det kom frå trykken, stod det «kommer», heller enn «kjem». Då fekk eg mi første tilbakemelding, for å seie det slik, ler Espen.

Avslutningsvis trekkjer Espen Tørset fram at Jul i Trøndelag er viktig og bra mållagsarbeid.

– Det er med på å ufarleggjere nynorsken. Det viser seg i at fleire av dei som kjøper bladet, ikkje er medlemer i Mållaget. Det er nynorsk som berre er kos og hygge!

Ny bok om valdresmålet

Valdresdialekta vart i 2005 kåra til den **vakraste** dialekta i landet.

■ Men korleis er eigentleg dialekta i Valdres, og korleis skil ho seg frå andre dialekter? Og korleis står det eigentleg til med valdresdialekta? Er ho, som hallingmålet, i ferd med å forsvinne?

Forfatarane av *Dialekt av hjartans lyst* har prøvd å gje eit svar på desse spørsmåla. I boka finn du oversikter over korleis du bøyer substantiv og verb på valdresmål, og du finn samanlikningar mellom valdresmål, nynorsk og bokmål. Du møter Per og Kari som samtalar humoristisk saman på dialekt, ført i pennen av Kirsten Onstad, og Ørnulf Juvkam Dyve skriv dikt på dialekt. Boka har kuriøse opplysningar om dialektbruk i ulike samanhengar og inneheld mange såkalla «fun facts» – i boka kalla «snodigt o sant». Andrea Agatha Grøneng har laga vakre illustrasjonar til boka. Som bonus finn du ei ordliste på 263 frekvente valdresord bak i boka.

Valdresdialekta er ein viktig del av valdresidentiteten. Utan valdresmål, ikkje noko Valdres. Difor er denne boka viktig. Ho bør vera interessant både for fastbuande og utflytte valdrisar, skuleelevar, hyttefolk, turistar og alle som er interesserte i dialekter og språk her i landet.

Det er styret i Nord-Aurdal



POPULÆR DIALEKTBOOK: Bjørn Karsrud og Aud Søyland på standen under Rakfiskfestivalen. Der selde dei 56 bøker. Det er tydeleg at dialekt er i vinden, fortel dei. Foto: Marianne Granheim Trøyflat.

Mållag som saman har laga boka, og ho er utgjeven av Kvitvella Forlag – forlaget som mållaget står bak. Det faglege er ført i pennen av Aud Søyland, medan kunnskapen om valdresmålet i

dagleg bruk sit hjå valdrisane i styret og andre som har gitt råd undervegs.

Har du spørsmål i samband med boka, kan du kontakte Aud Søyland på tlf. 99 03 75 84.



Per Engene

Min venn Per Engene døydde søndag 20. august, 93 år gammal.

■ minneord

Per vaks opp på gard i Hemsedal, som den eldste av sju søsken. Skuleflink som han var, valde han bort odels garden, og tok lærarutdanning. Etter ein del år i skulen, studerte han botanikk, tok hovudfag og blei lektor. I 1968 flytta han med familien tilbake til Hemsedal og fekk stilling som rektor. Der fekk han eit stort ansvar for oppføring av ny barne- og ungdomsskule. Etter om lag 10 år i Hemsedal, flytta familien til Telemark, først til Vinje og deretter til Bø.

Som botanikar og biolog var Per eit levande leksikon å gå tur med. Latinske namn kom alltid først på plantene i vegkanten. Han hadde også syn for dei store samanhengane i naturen: Fotosyntesen til plantene, som gir menneske og dyr oksygen å puste i, havet som samspele med atmosfæren, og sola og skyene som gir levelege vilkår på jorda. Det var særleg to saker Per brann for: Den eine var målsaka, der han til dømes hjelpte offentlege organ å oppfylle mållova ved å tilby omsetjing av sjølvmeldingsskjema til nynorsk. Den andre var klimasaka, som var nært knytta til biologien.

Frå omkring 2005 hadde han ein serie artiklar i *Nationen* der han gjekk i rette med den rådande oppfatninga om at bruk av olje og gass skulle vere til så stor skade for naturen. Folk begynte etter kvart å ta kontakt, Per gav ut bok på eige forlag, og han klarte å motivere naturvitarar og andre til å jobbe for å danne ei foreining. I mai 2008 kom eit interimstyre på plass med Engene som leiar, og i februar 2009 blei det første ordinære styret for Klimarealistene konstituert. Per var klar til det siste, og gjekk ut for å stelle i hagen denne dagen i august, som skulle vise seg å bli hans siste.

Eg lyser fred over Per Engene sitt minne.

DAG HALLVARD ØSTTVEIT

Dialekt og nynorsk i NRK

■ lesarbreve

Målfolk og andre diskuterer igjen dialektbruk og talemålsnormering i NRK og andre etermedium. Nokre av oss stod oppe i dette alt rundt 1980, og her er det mykje velkjent og lite endring å spore. Eg har likevel ein observasjon å bidra med som kanskje kan belyse problemet frå ein litt annan vinkel.

Det er berre mitt subjektive inntrykk, ikkje basert på systematiske undersøkingar av noko slag. Men etter mi lytting på NRK kan det verke som det er eit mønster i forholdet mellom dialektar og nynorsk normaltalemål:

Dei som bruker dialekt, kjem gjerne frå det nordanfjel-

ske (Trøndelag og Nord-Noreg) og det indre Austlandet, altså område med talemål som skil seg ganske markant frå både bokmål og nynorsk, men som har bokmål som det mest utbreidde skriftspråket. Ved eit påbod om å normere talemålet, vil det rimelegvis vere enklare for desse å ty til bokmålet enn til nynorsken.

Dei som kjem frå det såkalla "nynorske kjerneområdet" (Vestlandet og tilgrensande fjellbygder, som i Telemark), tenderer etter mitt inntrykk til å snakke eit ganske normert nynorsk, om enn med dialektspor i enkeltdrag og i intonasjon, skiftande frå person til person. Dei vil ofte ha både trening i å skrive normrett nynorsk og eit personleg forhold til denne målforma som vil

prege også talemålet deira.

Om denne observasjonen held stikk, kan det hende at eit strammare regelverk med vekt på normert talemål, vil føre til meir bokmål i etermedium, mens normalnynorsken blir nytta i om lag same utstrekning som i dag. I så fall vil nynorskprosenten gå noko ned (den reelle prosenten - dei oppgitte tala er jo avhengige av målemetode).

Eg tør ikkje påstå at det verkeleg er slik, men om det skulle vere noko hald i desse observasjonane mine, burde det vel ha konsekvensar for Noregs Mållag sitt standpunkt til saka. Men eg har ikkje sett at dette har vore undersøkt, så eg set det fram som ein hypotese til nærare granskning for nokon som måtte kjenne seg kalla.

LARS S. VIKØR

THE
NOBEL
PRIZE
•
2023

Sjå etter den
nye Nobel-serien
i din lokale
bokhandel!





PRISA KVELDSSONGAR: Odd Nordstoga og Ingebjørg Bratland skriv songar på både dialekt og nynorsk. For det har dei no fått Målungdommens dialektpris.

Dialektprisen til musikarduo

Odd Nordstoga og Ingebjørg Bratland får **Dialektprisen 2023**.

■ Prisen går kvart år til eit dialektføredøme for ungdom, og blir delt ut av landsstyret i Norsk Målungdom. Odd Nordstoga og Ingebjørg Bratland får prisen for sin mangeårige føredømelege bruk av dialekt og nynorsk.

Prisen vart delt ut i Operaen søndag kveld, til stor overrasking for prismottakarane.

– Glade i dialekta vår

– Det er veldig lenge sidan eg har fått ein pris, det var artig! Folke-musikken heng heilt i saman med dialekt. Så tenkjer eg at det er viktig å skrive nynorsk når ein fyrst er nynorskbrukar, seier Odd Nordstoga.

– Det er flott at det blir lagt merke til at me er veldig glade i dialekta vår. Det er veldig viktig for oss at me er ekte og genuine i musikken vår, så om me ikkje

Prisen

- Dialektprisen blei utdelt for første gong i 2001, og vert delt ut kvart år av landsstyret i Norsk
- Målungdom. Det er den einaste språkprisen som vert delt ut av språkengasjerte ungdomar, noko
- som også bidreg til at han er ein av dei mest prestisjetunge. Blant tidlegare prisvinnarar finn vi namn som Karsten Warholm, Therese Johaug og Victor Sotberg.

hadde sunge på dialekta vår, hadde det vore litt rart. Då hadde det ikkje vore så truverdig rett og slett, seier Ingebjørg Bratland.

Viktige føredøme for ungdom

– Heilt sidan Odd Nordstoga og Ingebjørg Bratland sleppte sitt fyrste album i lag i 2013, har dei aktivt brukt både nynorsk og dialekter i arbeidet sitt på ein

framifrå måte. Både i lag og kvar for seg er dei viktige dialektføredøme for ungdom, og med sitt framifrå telemål syner dei at dialekt er kult, også på Austlandet. Det fortener ein dialektpris, seier leiar i Norsk Målungdom, Tobias Eikeland.

Han legg til:

– Song er ein framifrå berar av språk og dialekt. Både barn, unge og vaksne høyrer på songane til Odd og Ingebjørg, og prisvinnarane er med det svært gode representantar for dialektbruk.

Prisvinnarane

Odd Nordstoga og Ingebjørg Bratland er ein musikkduo frå Vinje i Telemark. Begge har solide solistkarrierar bak seg, og har bakgrunn frå folkemusikk-sjangeren. Som duo debuterte dei med albumet «Heimafrå» i 2013, som dei vart tildelt Spellemannsprisen for i kategorien tradisjonsmusikk. No er dei på nytt aktuelle med albumet og turneen «Langt heimafrå».

NORSK MÅLUNGDOM

Mållaget heidrar Medietilsynet

■ Det nasjonale Medietilsynet som held til i Fredrikstad, er det einaste statsorganet som følgjer språkløva.

– Medietilsynet og direktør Mari Velsand får ein varm takk frå Mållaget. Eg trur vi snakkar på vegner av dei om lag 600 000 folka som skriv nynorsk dagleg, når vi gjev målblome for innsatsen, seier Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag.

I sin rapport for 2022 har Språkrådet kartlagt 15 departement, 161 statsorgan og Statsministerens kontor. Av desse er Medietilsynet det einaste statsorganet som følgjer lova i alle kategoriar. Det er paragraf 13 i Språkløva som stiller språkkravet: «Sentrale statsorgan

skal over tid bruke minst 25 prosent av både bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument.»

Ved ei markering på Litteraturhuset i Fredrikstad delte Noregs Mållag ut målblome. Mari Velsand, direktør i Medietilsynet, tok imot målblomen på vegner av Medietilsynet.

– Dette var ei svært hyggeleg anerkjenning av språkarbeidet vårt og ein motivasjon for jobben vidare framover. Noreg har to skriftspråk, og da må begge bli brukte og vere synlege for folk flest. Som statleg verksemd har vi eit særleg ansvar for å bidra til det.

NOREGS MÅLLAG

Prisverdig scenekunst

Teatersjef Erik Ulfsby på Det Norske Teatret har fått **Målprisen** frå Noregs Mållag.

■ – Han får prisen for å ha gjeve heile Noreg strålende scenekunst som har styrkt den nynorske sjølvkjensla, seier leiar i Noregs Mållag, Peder Lofnes Hauge.

Målprisen er den viktigaste prisen Noregs Mållag gjev ut. Prisen går til personar eller institusjonar som har gjort ein særleg viktig innsats for nynorsken.

I grunngevinga trekkjer Peder Lofnes Hauge fram det særeigne språkoppdraget til Det Norske Teatret, og korleis Erik Ulfsby har forvalta dette på ein utmerka måte.

– Han har vore ein visjonær teatersjef som har bidrege til



Nynorsk er det vesle språket for den store scenekunsten. Det språket forvaltar Erik ulfsby på eksemplarisk vis, seier Noregs Mållag.

kunstnarisk suksess, med ein drøss av gode meldingar, prisar og framsyningar som kjem til å bli ståande i historieboekene for alltid. Under Ulfsby si leiing har teateret nådd ut til fleire og spelar fleire framsyningar for fleire publikumarar, fleire dagar i veka, seier Peder Lofnes Hauge.

Peder Lofnes Hauge meiner teateret står fram som ein nynorsk maktdemonstrasjon på gateplan i Oslo sentrum. Teateret er meir enn nokon gong eit samlande utstillingsvindauge for nynorsken i hovudstaden.

Då Det Norske Teatret sikra seg rettane til å setje opp den internasjonale Disney-suksessen Frost, fekk dei kritikk. Fleire hevda at Frost ikkje høyrde heime på eit teater med statsstøtte.

– Erik Ulfsby argumenterte sjølvikkert for at «det er viktig for nynorsken at han også kan vere kommersiell», og det har Ulfsby heilt rett i, peikar Peder Lofnes Hauge på.

NOREGS MÅLLAG


Hulda var mykje på reise fot gjennom eit heilt liv. I denne **Hulda-reisa** kan du besøka eit utval av dei stadene ho har vore. Reiseruta har på ingen måte noko med kronologien i hennar mange reiser, men plassane har det til felles at Hulda har vore der.

Bli med på **Hu**

■ Reisa startar i Noreg og Skandinavia, før ho går sørover på kontinentet. Så skal me vestover og sidan austover, og til sist endar me opp i Noreg igjen. Send inn svaret til garborg@jaermuseet.no. Merk e-posten «Huldas reiser». **Premie:** Bokgåve + ei flott «Kva ville Hulda Garborg ha gjort»-t-skjorte. **Frist:** 25. januar, som er Arne Garborg sin bursdag.

1 Rockarane her drakk seg fulle og song songar saman med Johnny. Herifrå kjem fugleskremslet som lurte på korleis elefantar skal etast, og ikkje minst dama som gifta seg med ein kjendis og laga skandalar i hovudstaden. Noregs eldste i sitt slag ligg her.

2 Jakob rulla ut her og blei starten på eit eventyr. Kongen kasta 13 på to terningar og vann øya som ligg ved staden som kvar sommar samlar tusenvis av spreke ungdommar frå heile verda.



3 Her flytta han etter kvart til, han som blei sendt vekk frå Noreg av ei mor som var for sjuk til å ta seg av han, og her skulle han bli eit midtpunkt for fleire av sitt slag. Ein høgtids-tradisjon har gjort at staden har blitt kjent for sine gule hus, og her kan du eta stjerneskot på restaurantar.

4 På museet her vil lys og skugge hjelpa deg å sjå kapteinen og løytnanten som er klare til å marsjera. Storrøykaren som finta vekk andre, fekk eit monumentalt bygg kalla opp etter seg i byen der husa òg kan dansa.

5 Staden var nesten ferdig transformert då sporvungen fekk hjelp og vern av den vesle blomen som blei kyrkjelærar. Same hjelp kunne han trengt han som ikkje lenger såg fargane likt. Her er ho òg fødd, skodespelaren som portretterte jenta som kunne alle formlane.

6 Erotikk i sommarkvelden og ein visjon førte først til skandale i byen, men blei seinare ein suksess. Her er plassen for dei som likar å drikka ølet sitt frå urinkolbar. Ei ulykke gav namn til eit band med opphav her, og som ved fleire høve har gjesta Noreg.



7 Ein spaghettiwestern med skrivefeil og uvanleg ikonografi frå andre verdskrigen er spela inn i filmbyen der dei er blant dei første i landet til å sjå soloppgangen. Første vinnar av verdskjend pris budde her, og no har brubygging gjort det enklare å gå til naboane.




Ida sine reiser



9 Om sommaren badar innbyggerane i elva med det keltiske namnet, men byen er vel så mykje besøkt om hausten då dei ærar ei prinsesse som blei dronning. Eit angrep her sjokkerte ei heil verd, og romantikaren herifrå, gjorde som andre og skreiv om ho som ville ha hovudet på eit fat.

10 Her er det ingenting å sjå på museet, og her ligg hovudkvarteret til forbundet som på ei tid var leia av ein franskmann som på ein måte hamna i Brasil. Han som tok namnet sitt etter ei elv der folk blei avretta, reiste herifrå og tok makta i heimlandet.



11 Byen var ein høveleg stad å flytta til for den rike pianisten som har høyrte fleire grove vitsar enn dei fleste. Filosofen regisserte her eit famøst fotografi for å illustrera ein utfordrande trekant. Ei såra løve her minner folk om dei som slåst for kongen som mista hovudet.

12 I over tusen år var denne maskestaden eigen republikk, heilt til han som blei sagt å innføra høgrekøyring, kom til byen. Her kan du vinna di eiga løve viss du er flink. Elles er byen kjend for ein kulturarv som tradisjonelt blei lært bort frå far til son. I dag slepp ein til kvinner òg.

13 Med ullpengar starta konkurransen her med ei menneskeofring som førte til himmelske portar, der folk kunne sjå ein engel kunngjera ei viktig hending. På 1990-talet fekk byen eit nytt ikon med englenamn. Ein pioner innan sitt yrke er kalla opp etter denne staden der ho blei fødd.

8 Ein attraksjon her, som blinda opphavsmannen, har fått sin kopi i Sør-Korea. Eit anna postkortmotiv her skal vera heimsøkt av dei som fekk hovuda på spidd, men ikkje av leirfiguren denne gongen. Eit ikon som lenge var saman med ei trufast, rulla inn her og feira 60-årsdagen på hemmeleg stad, så hemmeleg at sjølv selebre gjestar ikkje visste heilt kvar dei skulle.

14 Byen har på sin heilt særskilde måte gjort meir for nynorsken enn dei fleste norske forfattarar. At landet vann 32 medaljar denne sommaren kom i skuggen av at Gud hadde entra byen. Ein prest som vitna og blei skoten, gav ordspelet til det som skulle bli ei bok med bibelsk namn.



15 Han kom med skip og enda opp i husarrest her, han som hadde endra namnet sitt og reist meir og lenger enn dei fleste. Enrico fann inspirasjon i denne byen, der han ofte var å sjå hjå grekaren med den spanske naboen. Han med dei klare blå auga song om staden der ønske kunne bli sanne.

17 I denne byen ville dei ikkje ha tårnet, og sprø idear sprang ut or kunstnaren som gjekk sine barnesko i det jødiske kvartalet her. Ein zoroaster lukka auga og lét som han dansa i denne byen, og dansa kunne han òg gjera, han i flugevekt som vann i siste sekund.

16 Han som i ope brev framførte ein klage, midt i den politiske skandalen som delte eit land i to, skreiv om reisa personar gjorde til denne pilegrimsstaden. Den danske sensasjonen og meisteren vann fjelletappen som starta her. Ein freidsavtale gjorde at byen i over 40 år låg under den engelske kongen.

18 Eit skip følgt av ramnar, frakta relikviar til denne staden, og dei svarte fuglane har vore synlege her sidan. Her skodar kongen utover byen, og ein kan høyra lengtande skjebnesongar, både på kafear og i konserthus. Eit reformarbeid om forenkling og effektivisering førte til undertekning av avtale her.

FONNA FORLAG

DEI GODE BØKENE FOR ALLE I HEIMEN



Øyvind Lauvdahl **Ingeniør Knut Berg**
36 sider | Kr 79,-



Helleve/Andreassen/Halse/Nilssen **Vangsgutane**
36 sider | Kr 79,-



Svein Jarle Åbrekk **Granittgutta**
TikTok-banden
128 sider | Kr 249,-



Oddrun Grønvik **Meir enn eit tillegg til annan manns verk?** Om Hans Ross og ordboka hans
44 sider | Kr 99,-



Oppattaking kan vere eit effektivt stilgrep, men det må vere måte på. Om då Fonna Forlag takka nei til Jon Fosse.
44 sider | Kr 99,-


I år har me mykje godt å by på! **Øyvind Lauvdahl** held fram med å teikna ein fantastisk **Ingeniør Knut Berg**. **Kjartan Helleve** og **Ivan Andreassen** fortel om **Vangsgutane**, og sjølv sagt inkluderer heftet ei klassisk historie av **Leif Halse** og **Jens R. Nilssen**. Ekstra moro er det å gje ut **Svein Jarle Åbrekk Granittgutta – TikTok-banden**. Ei perfekt lesebok for 10–12-åringar med flotte illustrasjonar av **Trond Kulterud**. Me startar òg opp ein serie med All-kunnebøker. **Oddrun Grønvik** er fyrst ut med **Meir enn eit tillegg til annan manns verk? Om Hans Ross og ordboka hans**. Og for å kasta oss på Nobel-bylgja, gjev me ut **Oppattaking kan vere eit effektivt stilgrep, men det må vere måte på**. Om då **Fonna Forlag takka nei til Jon Fosse**, som innheld komplett korrespondanse mellom oss og Fosse 81–82. Høyr om dei har utgjevingane i bokhandelen. Om ikkje, er det råd å handla i nettbutikken vår:

www.fonna.no



19 Saman med Heilag Olav reiste dansaren til denne staden kjend for sine gigantar. Eit hesteveddeløp gav plassen eit kallenamn. Her er auga til eit geni trygt forvara, og landets første restaurant i sitt slag opna her.

23 Ein oppdagar og seinare helgen er ein del av folkløren i landet der byen, med eitt av verdas eldste parlament, ligg. Men det er ein annan helgen som skapar mest merksemd og fest sommarstid. Under festen kan du delta i den tradisjonelle kapproinga. I byen kan du ta buss gratis heile året.




24 Her busette folk seg i det niande hundreåret. Universitetsbyen er kjend for si gode hamn, og derfor er viktig industri lagt til denne byen. Når du stoppar her, får du hjartelege påminningar om kva som egentleg betyr noko.

25 På denne vesle staden budde han som skulle visa seg viktig for Olav den Heilage sitt ettermæle. Herifrå kan du gå tur til ein av landets mest kjende klostergardar. Skulle du heller leggja turen innom museet her, kan du sjå revolveren som var meint som eit febrilsk soveråd.

20 Norsk Ivar Aasen-entusiast jobba som lege her. Her kan du sjå raudpanda i dyrehagen som har same namn som ei grenseelv. Den svenske forfattaren sin heimstad er søsterby til denne byen som gav namn til ein svart komedie laga av prisvinnande brør.

21 Don hugsu korleis kompisen sin musikk fekk han til å smila, og at han blei sett ut då dårlege februar-nyheiter fortalde om dødsfall på veg til ein konsert her. To norske bondesøner, begge reformatorar og bautaer, minner studentane i byen om Gud og fedreland.

22 Ein klovn du ikkje ville invitara til barneselskap, blei fødd her. I byen brukte dei stål og sikta høgt, og Roxie drap ein mann på sin veg mot stjernehimlen. Han som kunne ha skrivt Kolbotnbrev, teikna her, før han reiste heim og fekk nervesamanbrot.



KRAMBUA

Stø målarbeidet med ein handel i Noregs Mållag sin eigen nettbutikk!



Lite krus
kr 290.00



Pennal
kr 98.00



Ostehøvel
kr 250.00



Krus – Skogen stend...
kr 298.00



Smykke
kr 600.00



Pledd
kr 1 950.00



Drikkeflaske (termos)
kr 450.00



T-skjorte
kr 180.00



Krus
kr 298.00

I nettbutikken finn du mange fleire varer og mange gode tilbod.
Send ein e-post med tinging til per.arntsen@nm.no, ring til 23 00 29 35,
eller gå inn på www.nm.no/krambua.
Hugs at lokallaga får egne rabattar om de tingar på e-post.

Porto kjem i tillegg til prisane vi har gjeve opp her.

MÅLLAGET INFORMERER

LANDSMØTE I TRONDHEIM

Noregs Mållag skipar sitt 103. landsmøte fredag 19. til søndag 21. april 2024 i Trondheim. Landsmøtet vert på Scandic Nidelven. Hotellet ligg midt i Trondheim ved sida av togstasjonen. Landsmøtet er dei høgste organet i Noregs Mållag og vedtek både politikk, strategi og økonomien for organisasjonen. Det vert aktuelle innleiingar, politisk ordskifte og val av nytt styre i Mållaget. Det blir gode kulturinnslag og bra målfolk frå heile landet, så dette er absolutt noko å få med seg. Møtet er ope for utsendingar frå lokallag, fylkeslag og yrkesmållag.

INNSPEL TIL VALNEMNDA

Valnemnda i Noregs Mållag er godt i gang med arbeidet. Det er mogleg å kome med innspel til kandidatar til styreverv. Send gjerne melding til leiar i nemnda, Øyvind Fenne, e-post: oyvindfenne@gmail.com

FLYTTING TIL NYE KONTOR FOR SKRIVARSTOVA


Heile 115 år etter Noregs Mållag vart skipa, har Mållaget no kjøpt eigne kontorlokale! Dei nye kontora er i Dronningens gate 22 i Oslo sentrum, ganske kort veg å gå frå Oslo S. Skrivarstova flyttar i løpet av desember og det er venta at fleire veker vert prega av flyttinga.

MÅLLAGET DELTEK PÅ NOBELPRISUTDELINGA

Leiar Peder Lofnes Hauge og dagleg leiar Gro Morken Endresen er inviterte til å delta på nobelprisutdelinga og den etterfølgjande banketten i Stockholm 10. desember. Dette er sjølvsaugt svært stas for målrørsla, og vi tillèt oss å vere stolte!

JON FOSSE-MARATON NOBELPRISHELGA

Frå 8. til 10. desember blir det Jon Fosse-maraton hjå NRK der 40 stykke skal lesast opp av 40 skodespelarar i 40 samanhengande timar! Det vil seie alle teaterstykkja til Fosse. Her er det berre å koke kaffi og steike seg vaflar, setje seg framfor TV-en og nyte nobelprisen til nynorsken!



MÅLET ER 15 000 MEDLEMER FØR FOSSE FÅR TILDELT NOBELPRISEN

Sundag 10. desember skal Jon Fosse til Stockholm for å bli tildelt nobelprisen i litteratur. Jon Fosse har mellom anna takka nynorsken og målreisinga for prisen. No ynskjer me å gje målreisinga eit skikkeleg løft, til ære for prisvinnaren. Å bli 15 000 medlemmer for tredje året på rad vil vere eit slikt løft, men då treng me hjelp frå heile målrørsla!

Om du kjenner nokon som kan tenkje seg å bli med i Mållaget, er tida inne for å spørje. For berre 200 kroner vert dei medlem resten av 2023 og heile 2024. Nye medlemmer kan melde seg inn på nm.no. Om det er husstandsmedlemmer, kan dei skrive det som melding der.

NOBELFEIRINGAR LANDET RUNDT

Det blir storstilt feiring av Jon Fosse heile nobelhelga rundt omkring i landet. Sjekk programmet hjå ditt lokale kulturhus eller litteraturhus for kva som skjer. Kanskje det lokale Mållaget kan finne på noko?

5 ■ 2023
Norsk Tidend
Framhald av Fedraheimen og Den 17de Mai



NOREGS MÅLLAG

nm.no

Tilskrift:

Lilletorget 1,
0184 OSLO

Telefon: 23 00 29 30

E-post: nm@nm.no

Kontoradresse:

Lilletorget 1, 0184 OSLO

Kontonr.: 3480.13.83582

Leiar: Peder Lofnes Hauge
95 12 26 89 / peder.hauge@nm.no

Nestleiar: Synnøve Marie Sætre
92 69 53 30 / synnove.setre@nm.no

Tilsette:

Gro Morken Endresen,
dagleg leiar,
tlf. 23 00 29 37 • 95 78 55 60,
gro.morken@nm.no

Erik Grov, organisasjonsrådgjevar,
tlf. 23 00 29 30, erik.grov@nm.no

Per Henning Arntsen, økonomirådgjevar,
tlf. 23 00 29 35, per.arntsen@nm.no

Ingar Arnøy, skulemålsskrivar,
tlf. 23 00 29 36 • 97 52 97 00,
ingar.arnoy@nm.no

Hege Lothe, informasjons-
og organisasjonsrådgjevar,
tlf. 92 64 83 48, hege.lothe@nm.no

Vemund Norekvål Knudsen,
redaktør og rådgjevar,
tlf. 23 00 29 32 • 97 68 43 99
vemund.knudsen@nm.no

Frida Pernille Mikkelsen,
politikk- og kommunikasjonsrådgjevar,
tlf. 23 00 29 34 • 48 24 87 47
frida.mikkelsen@nm.no



NORSK MÅLUNGDOM

malungdom.no

Leiar: Tobias Christensen Eikeland,
Telefon: 94 89 49 69,
E-post: tobias@malungdom.no

Skrivar: Emma Hinderaker Pedersen
E-post: emma@malungdom.no
Telefon: 95 07 88 18

Kontormedarbeidar:
Dordi Boksasp Lerum
dordi@malungdom.no

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 Oslo
Telefon: 97 34 28 64
E-post: norsk@malungdom.no


Kontonr.: 3450.65.48707

Prent: Amedia Trykk
Opplag: 15 300
Abonnement: kr. 250,- per år

Annonsar:
Annonseprisar: kr 9,00,-/mm
Tillegg for tekstsida: kr 0,50,-/mm
Spaltebreidd: 45 mm
Kvartside: kr 3 000,-
Halvsida: kr 5 000,-
Heilsida: kr 9 000,-
Ilegg til avisa: kr 1,00 pr. stk.

Alle prisar er eks. mva. Ved lysing i fleire nummer kan vi diskutere særskilde avtalar.

Stofffrist nr. 1, 2024:
22. januar



Returadresse:
Noregs Mållag
Lilletorget 1
0184 Oslo

Nr. 5 • november 2023

Norsk Tidend

Framhald av *Fedraheimen* og *Den 17de Mai*

*Det viktigaste for meg er at prisen gjekk til nynorsken.
Eg er glad nynorsken endeleg fekk ein Nobelpris.*

Jon Fosse
til *Bergensavisen*

for hundre år sidan

I anledning at styret for Noregs Maal-lag har vedtatt at sende en skrivelse til Norges Bank med anmodning om også at utgi pengesedler med tekst paa landsmaal har «Tidens Tegn» prestert følgende:

Har De læst det, har De set det?
Nye sedler skal vi faa,
som på vrang og paa rette
skal bli trykt med landsmaal paa!
Ristes skal med sære runar
Men jeg sukker tungt og sier!
baade tusenlap og tier.
Kald det kroner, - kald det krunar, -
like litet vel det munar!

Bør de nye sedler bære
Christie eller Tordenskiold?
eller faar hr. Koht den ære,
Hognestad og Fostervoll?
For at styrke kommunist'ne
i enteten med de kristne
bør vel Scheflo og faa sæte
som et nyt Olavs-biletæ, -
fortinsvis paa rødegardist'ne!

Akershus amtstidende, 1923

Naar landsmaalet er indført i tre fjerdeparter av alle skolekredser i et herred, skal loven paaby at hele herredet skal bruke landsmaal, baade i skolen, i kirken og i kommunen [...] Naar saa tre fjerdeparter av alle herreder i et fylke er blit paatvunget landsmaal paa denne maaten, skal loven paaby at hele fylket gaar over til landsmaal, skal loven paaby at hele landet gaar over til landsmaal! [...] Men hva ret faar saa riksmaalet? Hvad paabyr loven i den retning? Ingenting, absolut ingenting. Riksmaalet har ingen rett her i landet [...] Nei riksmaalet faar seile sin egen sjø, sveget av politikerne, uten støtte av sine egne tilhængere. Men saa er det jo en Guds lykke, at vi har landsmaalet.

**Vestlandske Tidende,
10. oktober 1923**

på tampen



Tre dikt av Jon Fosse

Eg er ikkje lenger

det er for stille til at eg kan
sjå fargane falle, ingen av dei gamle
er lenger i det bevegelege vatnet
Det er for stille
og alt for lenge sidan
Men den grøne løa treng jo malast
Og ungane treng jo
ein trygg stad å leike
Eg er ikkje lenger, men berre i deg
Og i eit blått
som lun og roleg varme Og graset
skulle vore slått, eg ser det no

Nye dikt, 1997

du er så tydeleg
til stades
i smått og stort
og i alt du skulle ha gjort
Du går dit bort
Du gjer det langsamt
men for deg
så uendeleg fort
Du er min første kjærleik
Skal eg seie kva kjærleik er
må eg seie namnet ditt
Du er min kjærleik
Du er din eigen kjærleik
Du er kjærleik

Auge i vind, 2003

Dei er der som båtar
på eit hav

stort som alt er
mange

båtar
små

og små og urørlege blir dei vogga inn
vogga ut
vogga inn

i det store havets

båtar
inn i den store båten

havets store båt

båten like stor som havet

båten som er havet
og som ser havet Dei små båtane på det store havet
Eg ser dei små båtane på det store havet Og eg tar rundt

bordkanten framfor meg Og måtte den kjærleik eg har
bli verande hos dykk
de mine kjære

Auge i vind, 2003